


# Sondringa mellom bedrageri, underslag og økonomisk utruskap

*Med skjeringspunkt knytt til når noko kan sjåast  
på som «betrodd»*

Kandidatnummer: 49

Antall ord: 14 172



JUS399 Masteroppgave  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

11.12.2023

# Innholdsliste

|  |    |
|--|----|
| Innholdsliste .....  | 1  |
| 1 Innleiing .....  | 3  |
| 1.1 Presentasjon av tema og aktualitet.....                                  | 3  |
| 1.2 Metode.....  | 4  |
| 1.2.1 Rettskjeldebruken i oppgåva .....                                      | 4  |
| 1.2.2 Lovkravet i strafferetten .....  | 4  |
| 1.3 Omgrepsavklaringar .....   | 5  |
| 1.3.1 «med forsett om en uberettiget vinning for seg selv eller andre» ..... | 5  |
| 1.3.2 Tap eller fare for tap.....  | 6  |
| 1.4 Framstillinga vidare og avgrensingar .....                               | 6  |
| 2 Sondringa mellom bedrageri, utruskap og underslag.....                     | 8  |
| 2.1 Underslag.....   | 8  |
| 2.2 Bedrageri .....  | 9  |
| 2.3 Økonomisk utruskap.....  | 11 |
| 2.4 Grensedraginga mellom straffeboda.....                                   | 12 |
| 3 Når er noko «betrodd»?.....  | 15 |
| 3.1 Generelt om omgrepet «betrodd» .....                                     | 15 |
| 3.2 Innhaldet i «betrodd»-vurderinga ved underslag.....                      | 15 |
| 3.2.1 «Betrodd» etter strl. § 324 bokstav b .....                            | 16 |
| 3.2.2 Frifinningar som fylgje av at midlane ikkje var «betrodd».....         | 17 |
| 3.2.3 Disposisjonsrettar .....   | 18 |
| 3.2.4 Salssituasjon .....  | 20 |
| 3.2.5 Feilinnbetalingar.....   | 20 |
| 3.3 Innhaldet i «betrodd»-vurderinga ved bedrageri .....                     | 21 |
| 3.3.1 Kan inngåing av avtalar utgjere fullbyrda bedrageri?.....              | 22 |
| 3.3.2 Salssituasjonar.....   | 24 |
| 3.3.3 Låne- og trygdebedrageri .....   | 25 |
| 3.3.4 Utnytting av tillitshøve.....  | 26 |
| 3.4 Innhaldet i «betrodd»-vurderinga ved økonomisk utruskap.....             | 27 |
| 3.4.1 Styre .....  | 28 |
| 3.4.2 Tilsyn.....  | 30 |

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 3.5   | Samanfatning .....   | 31 |
| 4     | Utvalde problemstillingar.....   | 33 |
| 4.1   | Kan utbytte frå bedrageri vere gjenstand for underslag av dei same gjerningspersonane? .....   | 33 |
| 4.1.1 | Innleiande merknadar om LB-2021-181826 .....   | 33 |
| 4.1.2 | Var pengane «betrodd»?.....  | 33 |
| 4.1.3 | Kan pengar tatt i frå dei fornærma ved eit fullbyrda bedrageri, etterskotsvis verte underslått av same gjerningspersonar i høve dei same fornærma? ..... | 34 |
| 4.2   | Straffeprosesslova § 38.....   | 36 |
| 4.2.1 | Generelt om rettens adgang til å omsubsumere .....   | 36 |
| 4.2.2 | Høve til omsubsumering ved økonomiske brotsverk.....   | 38 |
| 5     | Oppsummering og avsluttande merknadar.....   | 41 |
|       | Kjeldeliste.....   | 42 |

# 1 Innleiing

## 1.1 Presentasjon av tema og aktualitet

I denne oppgåva vil eg handsame sontringa mellom bedrageri, underslag og utruskap, og særskilt drøfte når noko kan sjåast på som «betrodd» etter dei ulike straffeboda i straffelova.<sup>1</sup> Vurderinga det er tale om er den posisjonen gjerningspersonen hamnar i når han besitter, forleder, styrer eller har tilsyn med noko for ein annan. Han er såleis tiltrudd eit ansvar for ein ting eller pengar for offeret, som han utnyttar for si eiga vinning, imot det føremål offeret har for den rådigheita han er gitt. Forskjellane ved når nokon kan seiast å vere «betrodd» både materielt og i tid, kan ha betydning for kva for eit straffebod tilhøva fell inn under. Det er likevel slik at ikkje alle dei tre straffeboda nyttar ordlyden «betrodd», og vurderinga det er tale om kjem til uttrykk i forskjellige ordlydar. Eg finn likevel dette som den mest dekkjande og samlande merkelappen for den vurderinga føresegnene har, og vel difor i det vidare å kalle vurderinga for dette.

Politiet mottok eit rekordhøgt tal politimeldingar knytt til bedrageri i 2022, og kunne syne til ein oppgang på 20 prosent.<sup>2</sup> Samstundes utgjer bedrageri 80 prosent av politimeldingane innan økonomisk kriminalitet. I ei stadig meir digitalisert verd - med nye måtar å drive økonomisk kriminalitet på - er difor ytterlegare undersøkingar av i større eller mindre grad uavklarte nyansar ved gjeldande rett aktuelt. Som dømer under vil syne, er problemstillingane aktuelle, ettersom både påtalemyndigheita, forsvararar og lågare domstolar har synt feil forståing av straffeboda, ved å ta ut tiltale eller å dømme etter feil straffebod til handlinga. Desse aktørane har ei særskild rolle i strafferetten i Noreg, og det er viktig for rettstryggleiken at gjerningspersonar vert tiltalt, og eventuelt dømd, etter riktig straffebod.

Bedrageri, utruskap og underslag er tre forskjellige brotsverk som slektar på kvarandre. Dette kan illustrerast ved at grensa mellom straffeboda kan botne i kven som er gjerningsperson

---

<sup>1</sup> Lov 20. mai 2005 nr. 28 om lov om straff (straffelova)

<sup>2</sup> Økokrim (2023)

eller offer. Sjølve den straffbare handlinga kan vere identisk.<sup>3</sup> Subjektive forhold hos gjerningspersonen kan difor vere avgjerande for kva straffebod som skal nyttast på tilhøvet.

## 1.2 Metode

### 1.2.1 Rettskjeldebruken i oppgåva

Oppgåva tek stilling til gjeldande rett etter straffelova sine føresegner, og analysen vert gjort med utgangspunkt i norske rettskjelder og ålmenn juridisk metode.

Det ligg føre ei rekkje dommar som omhandlar bedrageri, underslag og utruskap. Kor vellukka rettsbrukarane sin rettsbruk er ved handsaminga av «betrodd», varierar. Straffeboda er i seg sjølv handsama generelt i juridisk teori, utan at «betrodd»-vurderinga vært løfta fram i særleg grad. Førearbeida gir lite rettleiing, og analysen må difor ta primært utgangspunkt i ordlyd, rettspraksis og juridisk litteratur, i tråd med ålmenn rettskjeldelære. Av sjølvssagte årsakar, handsamast brorparten av straffesakar i underinstansane. Oppgåva vil difor syne til underrettspraksis, kvar avgjersler frå desse er illustrerande for oppgåva sitt tema.

Analyse av føresegna og rettspraksis, vil fylgjeleg vere av særskild relevans. Å avgrense tidsrommet for rettspraksisen som nyttast vil og ha lite for seg, ettersom mykje av den relevante rettspraksisen er tidsmessig spreidd. Bruk av baa hypotetiske dømer, og dømer frå rettspraksis, vil bidra til analysen.

### 1.2.2 Lovkravet i strafferetten

Lovkravet står i ein særstilling i strafferetten. Av Grunnlova § 96 går det fram at ingen kan dømmast utan etter «lov» eller straffast utan etter dom.<sup>4</sup> Lovkravet inneber at det må gå fram klårt av lovføresegnene at handling A er strafflagd, og at straffa kan ileggjast ved dom.

Det er viktig å kunne førehandsvise si eiga rettsstilling ved å lese vedtekne lover, og dette gjeld særleg når ein risikerer å få ein alvorleg straffereaksjon som til dømes fengselsstraff.

---

<sup>3</sup> Stordrange (2014) s. 102

<sup>4</sup> Lov 17. mai 1814 om Kongeriket Noregs Grunnlov

Samstundes er føremålet med lovkravet å unngå vilkårlegheit. Det soleis eit viktig middel for å fremje strafferettens normfastsetjande funksjon.

På same måte syt kravet for at den enkelte borgar kan rette seg inn i tråd med reglane, og soleis halde på den individuelle fridom som rettsstaten og demokratiet, har som mål etter samfunnskontrakta.

Det menneskerettslege presisjonskravet skal leggjast til grunn ved tolkinga av Grl. § 96, jf. Rt. 2014 s. 538. Lova skal difor utformast så presist som mogleg, med kvalitative krav til førehandsvisse og klårleik. Samstundes vil klårleiken måtte vektast mot effektivitetsomsyn. Høgsterett har formulert det slik at straffeboda må utformast «*tilstrekkelig presist til å gi nødvendig veiledning om grensen mellom rett og galt på det aktuelle området*», jf. HR-2016-1458-A (Haxi) avsnitt 8. Kjerna i det kvalitative lovkravet, er altså å sørge for at førehandsvissa til borgarane er teken i vare ved ordlydane.

Kjerna i det kvalitative lovkrav og analogiforbodet er at borgaren skal vere sett i stand til å ha førehandsvisse kring kva handlingar som vil medføre straffansvar – ved å lese ordlyden, jf. Rt. 2012 s. 752 avsnitt 26.

## 1.3 Omgrepsavklaringar

For å unngå overflødig repetisjon, er det føremålstenleg å gjere greie for einskilte omgrep som ein finn i alle straffeboda, og som er grunnleggjande for dei økonomiske brotsverka.

### 1.3.1 «med forsett om en uberettiget vinning for seg selv eller andre»

Kravet om vinningsforsett er eit vidaregåande forsettskrav. Det kjem attåt det vanlege kravet om at forsettet må dekkje dei faktiske forhold som straffebodet krev for at forbrytinga skal reknast som «fullført», og kjend som dekningsprinsippet.<sup>5</sup> Når ein talar om dette som eit vidaregåande forsettskrav, er det fordi det ikkje krevjast at ein reint faktisk oppnår vinning. Vinningsforsettet må vere knytt til den handlemåten som straffebodet elles skildrar. Formuleringa «seg selv eller andre» syner at det ikkje er avgjerande kven som nyt godt av

---

<sup>5</sup> Jacobsen et al. (2020) s. 178

vinninga. At vinninga må vere urettmessig, inneber at det må vere tale om ein økonomisk fordel som vedkommande ikkje sjølv har rett på eller til.

Eit illustrerande døme er den såkalla Fetisjdommen, der Høgsterett slo fast at ein tiltalt som hadde skaffa seg kvinneklede ut frå seksuelle motiv, hadde handla i vinnings hensikt.<sup>6</sup> Det avgjerande er om gjerningspersonen urettmessig skaffar seg ein økonomisk fordel, og ikkje om eigaren lir tap. Å få tilgang til kreditt vil alltid oppfylle kravet om vinning, jf. Rt. 1990 s. 991.

### 1.3.2 Tap eller fare for tap

Når nokon har tapt eit visst formuesgode, ligg det sjølv sagt føre eit tap. Som utgangspunkt ligg det føre eit tap viss handlinga har fått konsekvensar som rekneskapsmessig påverkar offeret si samla formue.<sup>7</sup> Om det økonomiske tapet er av mellombels eller endeleg art, eller om vedkommande på ein eller anna måte kan få tapet kompensert, er ikkje avgjerande.<sup>8</sup> Kva gjeld «fare for tap» har Høgsterett forklart det slik at ein «teoretisk risiko» ikkje er nok; det må vere «*en reell risiko som det er et rasjonelt grunnlag for å hensynta*», jf. Rt. 2007 s. 583 avsnitt 34. Sagt med andre ord må faren vere konkret og nærliggande. Samstundes er det ikkje slik at tap berre er avgrensa til reint økonomiske tap. Og tap av selskap sin såkalla goodwill rammast.<sup>9</sup>

## 1.4 Framstillinga vidare og avgrensingar

Den juridiske analysen startar i punkt 2 om strl. § 324, § 371 og § 390 for å tydeleg gjere greie for forskjellane i straffeboda. Gjennomgangen vil fokusere på å kaste lys på kva som skil høva, og er ikkje ein djuptgåande analyse av heile straffeboda. Avslutningsvis er ei oppsummering for å ytterlegare syne skiljet og synleggjere dei nære grensene mellom straffeboda.

Eg vel å avgrense mot dei «grove» straffeboda, dei «mindre» eller «uaktsomme» straffeboda, samt grenseliggjande straffebod som til dømes forsikringsbedrageri, jf. strl. § 375. Å ta

---

<sup>6</sup> Sjø Rt. 1968 s. 626 (Fetisjdommen)

<sup>7</sup> Jacobsen et al (2020) s. 175

<sup>8</sup> Sjø til dømes Rt.1970.758 der det vart slått fast at formuetap låg føre sjølv om offeret hadde forsikring. Gode grunnar talar for at slike ordningar ikkje bør kome gjerningspersonen til fordel.

<sup>9</sup> Jf. Ot.prp. nr. 75 (1948) s. 9

stilling til desse føresegna er for omfattande for rammene for denne oppgåva. Eg vel og å avgrense mot § 371 bokstav b, om databedrageri, då denne føresegna omhandlar heilautomatiske prosessar, og ikkje «betroelser».

I punkt 3 er analysen og vurderinga av når noko kan sjåast å vere betrodd etter dei aktuelle straffeboda. I punkt 4.1 drøftast lovvalet i LB-2021-181826, då denne dommen syner korleis sondringa mellom straffeboda framleis er aktuell. I punkt 4.2 gjerast greie for korleis sondringa mellom straffeboda kjem til syne ved prosessuelle avgjersler etter straffeprosesslova § 38.<sup>10</sup> I punkt 5 vil det heile samanfattast, og einskilte avsluttande merknadar setjast fram.

---

<sup>10</sup> Lov 22. mai 1981 nr. 25 om lov om rettargangsmåten i straffesakar (straffeprosesslova)



## 2 Sondringa mellom bedrageri, utruskap og underslag

### 2.1 Underslag

Det fylgjer av strl. § 324 at den som med forsett om ei urettmessig vinning for seg sjølv eller andre rettsstridig sel, forbrukar eller på anna måte «tilegner seg» ein lausøyreting eller pengefordring «som han besitter, men som tilhører en annen», eller disponerar over pengar han har «innfordret for en annen, eller som på annen måte er betrodd ham», straffast for underslag.

Underslag liknar såleis på tjuveri. I motsetnad til tjuveri set underslag føre at gjerningspersonen står i ein viss relasjon til både objektet og eigaren av det; eit slags tillitshøve. Vidare inneberer eit tjuveri ei krenking av både eigedomsretten og besittelsen, medan eit underslag berre er ei krenking av eigedomsretten.<sup>11</sup> Eksistensen og graden av tillit vil difor vere retningsgjevande ved grensehøve. Medan det ved tjuveri er tilstrekkeleg at gjerningspersonen har forsett om seinare å tileigne seg tingen, krev underslag at det allereie er skjedd ei forsettleg tileigning.<sup>12</sup> Det er naudsynt for at gjerningsskildringa skal vere oppfylt, og underslaget reknast som fullbyrda. Tileigning vert gjerne forklara som å definitivt utnytte ein ting som sin eigen.<sup>13</sup>

Ordlyden til «som han besitter, men som tilhører en annen» i bokstav a inneber at eigarlaus ting, og ting ein sjølv eig, fell utanfor. I kva høve ein kan seie at nokon «besitter» noko er derimot ikkje heilt klart. Det er i juridisk litteratur formulert som at personen må ha ei «*forholdsvis varig og selvstendig rådighet over gjenstanden*».<sup>14</sup> I ei slik vurdering må ein naturlegvis sjå til gjerningspersonen si faktiske og rettslege tilgang til tingen. Det ligg i ordlyden at ein rettighet og rein ihendehaving ikkje er tilstrekkeleg. Å halde vakt over ting, reknast til dømes ikkje som besittelse, då ein slik «besittelse» har preg av ad hoc.<sup>15</sup>

Samstundes kan tingens art ha betydning for fortolkinga av vilkåret. Bonden er har framleis

---

<sup>11</sup> Sjø Rt.1971.801, der ein biltjuv pantsatte eit kamera han fann i bilen. Høgsterett vurderte forholdet som tjuveri, ettersom underslaget «karakter av tillitsbrudd» ikkje var til stades.

<sup>12</sup> Andenæs (1996) s. 46

<sup>13</sup> Jacobsen et al. (2020) s. 206

<sup>14</sup> Ibid. s. 172

<sup>15</sup> Sjø Rt. 1995 s. 241 der dei tiltalte vart dømd for tjuveri når dei stal frå bedriftene dei hadde vaktoppdrag for.

hand om sauene, sjølv om desse går fritt på eit beite. Til samanlikning flyttar pengar både raskare og enklare hender.

Lovteksten gir døme på at gjerningspersonen anten sel eller forbrukar ein lausøyregjenstand eller pengefordring, men desse døma er ikkje uttømmmande, jf. «på annan måte».

Det sentrale kriteriet i bokstav b er at pengane er «betrodd». Det å vere tiltrudd gir ein indikasjon på at pengane ikkje er til fri disposisjon for den som sit med dei. Det avgjerande for vurderinga vert difor om gjerningspersonen har hand om pengane for å oppfylle eit bestemt føremål. Den ulovlege handlinga for den som er tiltrudd, er å «forføye» over pengane. Straffebodet rammar altså den som brukar pengane på ein måte som er i strid med den avtala som ligg til grunn for at pengane er tiltrudd gjerningspersonen. Bruken det er tale om kan anten vere å gi pengane til andre enn den det er meint for, forbruke pengane eller øydeleggje dei. Lovteksten nemnar å «innfordre» som ein måte å vere tiltrudd, til dømes ved at gjerningspersonen skal krevje inn pengar frå A, på oppdrag frå B, for endeleg å gje dei til B.

Rettstridsatterhaldet i underslagsføresegna aktualiserar særleg tilfeller av samtykke.<sup>16</sup> Når ein person har noko i hende, kan det vere naturleg at ein og får rett til å forbruke eller å ta over verdiane. Det må difor vere eit vinningsforsett til stades medan tileigninga skjer. Forsettet kan difor vere utilstrekkeleg for domfelling, om gjerningspersonen trur – rett eller gale – at eigaren har samtykka til forbruk av tingen eller pengane.

## 2.2 Bedrageri

Det fylgjer av strl. § 371 at den som «fremkaller, styrker eller utnytter en villfarelse» og ved dette «rettstridig forleder noen til å gjøre eller unnlate noe» som valdar tap eller fare for tap for nokon, straffast for bedrageri, jf. bokstav a. Som ei fylgje av den teknologiske utviklinga og at databedrageri er ei stadig meir aktuell form for bedrageri, har lovgjevar kome med ei særskild føresegn for databedrageri, jf. bokstav b. Av føresegna fylgjer det at den som brukar «uriktig eller ufullstendig opplysning», «endrer» data eller datasystem, «disponerer over» et kredittkort eller debetkort som «tilhører en annen», eller på «annen måte uberettiget påvirker resultatet av en automatisert databehandling», og soleis valdar tap eller fare for tap for nokon,

---

<sup>16</sup> Jacobsen et al (2020) s. 205

straffast for bedrageri. Bakgrunnen for denne tilføyinga var at ved datamisbruk kunne ikkje alle bedrageriliknande høve straffast, fordi det låg føre heilautomatiske prosessar kvar det ikkje var eit menneske som vart utsett for ein villfaring, jf. «noen» i bokstav a.<sup>17</sup>

Det er strl. § 371 bokstav a som gjev uttrykk for det ålmenne bedrageri. Straffebodet krev for det første at gjerningspersonen «fremkaller, styrker eller utnytter en villfarelse». Dette er kjerna i bedrageriet og skildrar verkemiddelet personen nyttar mot offeret. Det vil seie at det er noko feil med offerets førestillingar om verkelegheita, som fylgje av skipinga av villfaringa. Gjerningspersonen skapar eller utnytter faktafeil og får dermed offeret til å handle på ein måte som kan føre til eit økonomisk tap for nokon og gi andre ein uberettiga vinning. Villfaringa kan styrkast eller framkallast på kva som helst måte. I dette ligg det at både reine positivt uriktige opplysningar, men og å teie om noko eller såkalla konkludent åtferd vert ramma av «styrker» eller «fremkaller». Det same gjeld om ein nyttar ein godtruande tredjemann, jf. Rt. 1984 s. 904.

For det andre må gjerningspersonen «forlede» offeret til å gjere eller å unnlate noko. Det inneberer at det må vere ein psykisk årsakssamanheng frå gjerningspersonens handlemåte og til offerets villfaring og handling.<sup>18</sup> Kravet om at offeret må gjere eller unnlate noko, er avgjerande for når bedrageriet er å sjå som fullbyrda.<sup>19</sup> Eit fullbyrda bedrageri ligg føre når fare for økonomisk tap oppstår, jf. Rt. 1986 s. 1076.<sup>20</sup> Det fylgjer av dekningsprinsippet at forsettet må dekkje førekomsten av villfaringa, jf. strl. § 22. Det tyder at personen anten må ha forsett om aktivt å påverke den andre til handlinga, eller ha forsett om at han ved å korrigere villfaringa ville hindra handlinga. Har han ikkje det, er det ikkje tale om eit forsettleg bedrageri.

Rettstridsatterhaldet i bedrageriføresegna har stor betydning. Det er for det første lov å påverke andre til å inngå avtalar som motparten ikkje kjem like godt ut av. Høgsterett uttalte i Stortingspensjonsdommen at det «avgjørende er om gjerningspersonen har opptrådt i strid med redelighet og god tro – om han har opptrådt utilbørlig», jf. Rt. 2012 s. 622 avsnitt 30. Vurderinga må gjerast med utgangspunkt i det aktuelle området av samfunnslivet, jf. Rt. 2012

---

<sup>17</sup> Jf. NOU 1985: 31 s. 16.

<sup>18</sup> Andenæs & Andorsen (2008) s. 383

<sup>19</sup> Matningsdal (2010) s. 392

<sup>20</sup> I Rt. 1986 s. 1076 vart det slått fast at fullbyrda bedrageri førelåg allereie ved at beløpet vart kreditert ein privat konto, sjølv om beløpet aldri vart utbetalt, jf. «fare for tap».

s. 686.<sup>21</sup> Rolleforventningar, avtaletypen og partane sin status vil difor ha ein sentral plass i den skjønsmessige vurderinga. Terskelen for «i strid med redelighet og god tro» må truleg vere høgare enn i den privatrettslege vurderinga av same omgrep, ettersom det er tale om å ilegge straffeansvar.<sup>22</sup> Grensa for rettstridsvurderinga går difor ved «forleder».

## 2.3 Økonomisk utruskap

Det fylgjer av strl. § 390 at den som «handler mot en annens interesser» som «han styrer med eller har tilsyn med», med forsett om å oppnå ei urettmessig vinning for seg sjølv eller andre, eller om å skade, straffast for økonomisk utruskap.

Straffebodet kan berre nyttast i tilfelle der nokon «styrer med eller har tilsyn med» ein annan sine interesser. «Styrer» syner til at gjerningspersonen må ha ei stilling av «en viss selvstendig karakter».<sup>23</sup> Det krevjast likevel ikkje at stillinga er leiande eller overordna.<sup>24</sup> Døme på type stillingar som kan vere omfatta er fullmektig, verje, styremedlem og bustyrar. At særleg medlem av styrande organ fell under føresegna, kjem fram av Rt. 1999 s. 36. Høgsterett uttalar her at «*styrebeslutninger og utførelse av styreverv er et kjerneområde for utroskapsbestemmelsen*».<sup>25</sup> At stillinga er løna er ikkje av betydning.<sup>26</sup>

Alternativet «har tilsyn med» opnar for tilfelle der ansvarsområdet til gjerningspersonen har begrensa omfang. At enkeltoppdrag vært ramma er og klart, då gjerningspersonen ut i frå den aktuelle situasjonen kan vere gjeve stor tillit.<sup>27</sup> Som for «styrer» er det krav om eit viss sjølvstende ved utføringa av det aktuelle oppdraget. Det stillast jamvel ikkje «krav om høy grad av selvstendighet».<sup>28</sup> Gjerningspersonen må vere gjeve ein slik tillit som gjer det naturleg å klandre han for å ha svikta interessene til den fornærma, til fordel for andre. Å skade eit objekt som ein er satt til å ha «tilsyn med», å dele fortruleg verksemdsinformasjon eller å unnlate å gjere handlingar som kunne forhindra skade, er døme på slike handlingar.

---

<sup>21</sup> Høgsterett kom i dommen til at dei to tiltalte måtte frifinnast på grunn av den generelle rettstridsatterhaldet. Handlemåten til to «day-tradere» var ålment akseptert i marknaden, og dei hadde ikkje oppgitt feil opplysningar eller «manipulert» ein aksjerobot.

<sup>22</sup> Sjå mellom anna avtalelova § 33 som nyttar same omgrep.

<sup>23</sup> Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 472.

<sup>24</sup> Ibid. s. 345.

<sup>25</sup> Sjå Rt. 1999 s. 36, på s. 41.

<sup>26</sup> Andenæs (1996) s. 129

<sup>27</sup> Jf. Rt. 2009 s. 231

<sup>28</sup> Jf. Rt. 1992 s. 1463, på side 1465.

Vidare må gjerningspersonen «handle mot [d]en annens interesser». I straffelova av 1902 kom dette fram ved ordlyden «forsømme en annens anliggender» eller å «handle mot den annens tarv».<sup>29</sup> Ny ordlyd tok ikkje sikte på nokon realitetsendring.<sup>30</sup> Ordlyden i straffebodet inneber at både aktive handlingar og unnlatingar vært ramma. Måtane ein kan «krenke» interessene til prinsipalen, er sjølvstakt mangfaldige. Eit interessant døme på at utruskap ikkje er avhengig av økonomisk tap for prinsipalen er å finne i Rt. 1946 s. 183. I denne dommen hadde ein tilsett ved Vinmonopolets kontrollavdeling tileigna seg brukte rasjoneringsmerke, som han seinare nytta til innkjøp av brennevin for vidareasal. Handlinga medførte ei auke i omsetnad og fortjeneste for Vinmonopolet, men den tiltalte vart likevel dømd for utruskap. Og det å takke ja til gåver, kan rammast av straffebodet. I Rt. 2009 s. 524 uttalte Høgsterett i avsnitt 18 at: «*Det som er avgjørende for om en arbeids- eller oppdragstakers mottak av en gave fra en tredjeperson rammes av utroskapsbestemmelsen, er om mottaket av gaven er i strid med arbeids- eller oppdragsgiverens interesser*».

Som utgangspunkt må ein sjå til oppdragets art ved vurderinga av om det føreligg brot på straffebodet. Ein seljar som sel til underpris, vil ikkje utan vidare medføre at han har handla mot vareeigarens interesser. Eit moment er om avviket, det vil seie vilkåra for salet, er så stort at han vanskeleg kan forklare at salet er i prinsipalens interesse. Førearbeida er tydelege på at det må vere tale om forhold av eit «visst alvor».<sup>31</sup> I dette ligg det at avvik på små summar og handlingar som ikkje har preg av eit stort tillitsbrot, ikkje vil nå opp til terskelen i føresegna. Dersom gjerningspersonen tek feil av situasjonen, og det syner seg at handlinga i realiteten er gunstig for prinsipalen, meiner Andenæs at han eller ho berre kan straffast for forsøk, ettersom det objektivt sett ikkje er ei handling mot hans interesser.<sup>32</sup>

## 2.4 Grensedraginga mellom straffeboda

Brotsverka gjev alle eit samla preg av at det er tale om ein form for tillitsbrot. Som nemnd i innleiinga kan grensa mellom straffeboda avhenge av kven som er gjerningsperson eller offer. Sjølv handlinga kan vere identisk.<sup>33</sup> Forutan dette har straffeboda lik strafferamme.

---

<sup>29</sup> Lov 22. mai 1902 nr. 10 om Almindelig borgerlig Straffelov (straffelova av 1902)

<sup>30</sup> Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 471

<sup>31</sup> Ibid. s. 472

<sup>32</sup> Andenæs (1996) s. 133

<sup>33</sup> Stordrange (2014) s. 102

Eit døme på grensedraginga mellom føresegna finn ein i Rt. 1973 s. 1251. Tiltalte hadde overført store beløp frå A sin bankkonto til sin eigen bankkonto. Tingretten dømde han for underslag ovanfor A og bedrageri ovanfor banken. Høgsterett oppheva dommen og uttalte tydeleg at dersom tiltalte hadde fullmakt til å disponere over kontoen, så låg det føre underslag. Viss han ikkje hadde ein slik fullmakt, måtte forholdet sjåast på som bedrageri ovanfor banken. Fullmakta, eller «betroelsen», er difor avgjerande for kva straffebod som skal nyttast på høvet. Om den tiltalte i denne saka førte ein overordna eller ein anna kollega «bak lyset», og fekk dei til å gjennomføre overføringane, ville det vore tale om bedrageri.

Ei rekkje utruskapshandlingar vil og oppfylle gjerningsskildringa i strl. § 324 om underslag. Av strl. § 390 andre ledd fylgjer det at slike handlingar skal straffast som underslag, for å forhindre ein konkurrans som tidlegare førte til at ein vart straffa etter begge føresegna.<sup>34</sup> Grensedraginga mellom desse føresegnene, trass i at løysninga er gjeve, er likevel aktuell. I motsetnad til ved underslag der det å halde vakt ikkje oppfyller kravet om «besittelse» etter underslagsføresegna, er Rt. 1992 s. 1463 eit døme på at det å stele frå dei ein har vaktoppdrag for, kan utgjere utruskap ovanfor vaktelskapet.<sup>35</sup>

Eit anna døme er LG-2022-13455, der ein mann var dømd i tingretten for underslag av midlar på bankkontoen til tiltalte si farmor. Lagmannsretten kom til at domsgrunnane var mangelfulle, idet dei ikkje hadde vurdert farmoras samtykke ved pengeoverføringa. Ho skreiv sjølv inn passord og personnummer. Lagmannsretten uttalte at i vurderinga av om handlinga var for underslag å rekne, var det avgjerande om vinninga berre kunne realiserast ved farmora sitt samtykke. Dersom ho var villeia til å godkjenne pengeoverføringa, måtte det reknast for å vere bedrageri.

Grensedraginga mellom straffeboda kjem og til syne ved innsamlingsaksjonar. Dersom A samlar inn pengar til eit ideelt føremål, men bestemmer seg undervegs for at han vil bruke noko av pengane på seg sjølv, kan han straffast for underslag, viss han nyttar pengane i strid med det føremål bidragsytarane har vore motivert av. Pengane er i dette tilfelle gjeve til fordel for det synbare føremålet, og er i lovas forstand «betrodd» innsamlaren. Dersom føremålet med innsamlinga derimot frå starten av var meint å brukast sjølv av A, føreligg det eit

---

<sup>34</sup> Sjå mellom anna Rt. 1938 s. 267 der ein bankkasserar vart dømd til fem års fengsel for å ha underslått ca. kr 116 000 av banken sine midlar, og gjorde feilposterar i bankens bøker og utferdiga falske gjeldsbrev, for å skjule dette.

<sup>35</sup> Sjå Rt. 1995 s. 241, der resultatet vart tjuveri og ikkje underslag.

bedrageri ovanfor givarane, så framt dei har vore villeia kring føremålet med innsamlinga.<sup>36</sup>  
Dei subjektive høva hjå gjerningspersonen vert på dette vis avgjerande for kva straffebod høvet subsumerast under.

---

<sup>36</sup> Matningsdal (2010) s. 299 og 300

## 3 Når er noko «betrodd»?

### 3.1 Generelt om omgrepet «betrodd»

Det finnast uttalige måtar å vere betrodd noko, til dømes ved å verte kjend med løyndomar, til å få innsikt i eit hemmeleg og viktig prosjekt på arbeidsstaden. Det å vere «betrodd» inneberer i ålmente tillit og ansvar. I kraft av å vere «betrodd» noko, får ein normalt og høve til å utnytte tilliten – det vere seg til gevinst eller tap for den som har gjeve tilliten. Tilliten er på dette vis gjeve, i den tiltru at ein vil skjøtte tilliten i tråd med dei forventningane som ligg føre.

Det at noko er «betrodd» indikerer at personen ikkje har fått pengane eller tingen til fri disposisjon, men for å oppfylle bestemte krav og forventningar frå den eller dei som pengane kjem frå. Det er difor eit krav om ei viss «rådigheit» over pengane eller tingen. Ei slik rådigheit kan ofte vere i form av eit tilsetjingshøve, eit styreverv eller når den som blir bedratt gir pengar til det den trur er ein ideell organisasjon, jf. dømet i punkt 2.4.

Det å vere «betrodd» noko i kraft av ei stilling, inneber til dømes at ein dagleg leiar i ei bedrift har kontroll over firmaet sine ressursar og har høve til å ta avgjersler på bedrifta sine vegne. Og det å sitte i eit styre inneber at ein er gjeve ei viss tillit til å fatte avgjersler for selskapet eller organisasjonen. Samstundes kan personar med lågare stillingar i hierarkiet handsame midlar som er betrodd. Kassamedarbeidaren er gjeve tillit til å handsame pengane som kundane betalar med og syte for at kunden betalar det han skal.

### 3.2 Innhaldet i «betrodd»-vurderinga ved underslag

Ved underslag fylgjer vurderinga av ordlyden «som han besitter, men som tilhører en annen», jf. bokstav a, og «han har innfordret for en annen, eller som på annen måte er betrodd han», jf. bokstav b, jf. strl. § 324. Kjerna i ordlyden er at gjerningspersonen «besitter» ein gjenstand eller pengar som «tilhører en annen» eller som er «betrodd» han. Korleis gjerningspersonen konkret er komen til «besittelse», er etter ordlyden likegyldig.<sup>37</sup> Essensielt, er likevel at, besittelsen er eit resultat av å vere tingen «betrodd».

---

<sup>37</sup> Andenæs (1996) s. 49.



### 3.2.1 «Betrodd» etter strl. § 324 bokstav b

Føresegna gjeld berre «penger». Til skilnad frå bokstav a, krev ikkje ordlyden etter bokstav b at pengane må «tilhøre en annen». Det at pengane er betrodd kan likevel nærast likestillast med at den tilhører en annen.<sup>38</sup> Det er heller ikkje krav om besittelse, men for at gjerningspersonen skal kunne «forføye» over midlane må han likevel ha ei eller annan form for rådigheit.

Ordlyden nemner først og framst «innfordring» som ein måte å vere betrodd på. Eit døme på dette er at fullmektigen forbrukar betalinga for selde varer. Eit anna praktisk døme er der arbeidsgjevar eller ein næringsdrivande opptrer som «innfordrar» på vegne av det offentlege, ved t.d. skattetrekk. Det er ikkje krav om at det ligg føre ein fullmakt for innfordringa, men viss det ikkje gjere det, kan det ha vekt i vurderinga for av om det ligg føre ei innfordring for andre i det heile.<sup>39</sup> Viss det er krav om at pengane skal haldast skild frå andre midlar, kan det ha betydning av straffbarheita av høvet. Viss det ikkje ligg føre ein slik plikt, er det ikkje underslag om vedkommande har dekning for kravet i midlane totalt sett. Eventuelle motkrav må difor og takast omsyn til, jf. Rt. 2013 s. 110.

Å vere betrodd på «annen måte» kan til dømes vere å få pengar for å gjere innkjøp for andre, eller at ein har fullmakt til å disponere ein konto. Ein egedomsmeklar, bustyrar eller ein handverkar som tek i mot depositum frå ein tenestemottakar, vert regelmessig «betrodd» pengar som ledd i utføringa av eit oppdrag.<sup>40</sup>

Tvilstilfella for om pengane har vore betrodd eller ikkje, skapast især ved forskotsbetalingar. Det må i desse tilfella vurderast ut i frå dei konkrete omstenda, og særleg om kva som har vore avtalt mellom partane, for å kunne avgjere om pengane har vore «betrodd». Det må vere gjensidig klargjort at pengane berre kan nyttast til det oppdraget gjeld. Det er ikkje i ålmenna underslag om pengane nyttast til eigne føremål, viss han etter avtalen ikkje er urettmessig å gjere det, jf. mellom anna Rt. 1963 s. 1324. Til dømes har det ingen reell verknad for kunden til ein handverkar om forskotet vert nytta til andre ting enn det handverkaren skal sette i stand, så lenge handverkaren leverer i tråd med kontrakta. Handverkaren må kunne nytte forskotet

---

<sup>38</sup> Jf. S.K.M 1896 s. 229.

<sup>39</sup> Jf. Rt. 1965 s. 796 og Rt. 1980 s. 437

<sup>40</sup> Sjå mellom anna Rt. 1992 s. 130 som døme.

på tømmer til lageret sitt, viss han har meir enn nok spiker til å gjennomføre oppdraget, sjølv om begge materiala er naudsynt for oppdraget.<sup>41</sup>

Fullbyrdinga av straffebodet skjer så snart dei betrodde pengane er forbrukt eller «forføyd» over på anna vis, jf. HR-2019-676-A avsnitt 33.

### 3.2.2 Frifinningar som fylgje av at midlane ikkje var «betrodd»

At midlane ikkje er «betrodd», eller at det ikkje føreligg eit tillitsbrot, er åleine grunn til frifinning for underslag – det er eit objektivt vilkår. Eit tidleg døme er å finne i Rt. 1939 s. 196. Ein hotellvert hadde forsøkt å omgå skatteplikt av «bevertningsskatt» frå skattemyndigheitene, og vart sett under tiltale for underslag.<sup>42</sup> Han vart frifunnen, då Høgsterett meinte at når tiltalte korkje hadde kravd skatten av kundane sine eller kalkulert skatten inn i salsprisen, «*vilde det være en fiksjon å anse de skyldige skattebeløp for å være innbefattet i de mottatte salgsbeløp og således betalt til ham av kundene og betrodd ham som opkrever på statens vegne*».<sup>43</sup>

Eit anna døme er Rt. 1980 s. 437.<sup>44</sup> Ein distriktsrepresentant for ein ferdighusprodusent hadde inngått avtalar med byggherre om bygging av hus, i strid med instruks. Han underteikna avtalane og nytta produsentens stempel, samstundes som han oppretta ein bankkonto i produsentens namn som han nytta for innbetaling frå byggherrane og utbetalingar til entreprenørane. Då tilhøva vart klarlagt, syntet seg at huskjøparane hadde innbetalt monaleg større beløp enn det som var betalt til entreprenørane, og denne differansen tok distriktssjefen ut til eigne føremål. Høgsterett kom til at det ikkje låg føre underslag ovanfor ferdighusprodusenten, idet «*de beløp tiltalte mottok fra byggherrene, ikke kan anses innfordret for produsenten eller betrodd tiltalte av produsenten*».<sup>45</sup> I tilhøvet til byggherrane konkluderar Høgsterett med at summen av dei «*innbetalte beløp ikke kan anses betrodd*

---

<sup>41</sup> Forutsett at det ikkje er avtalt noko anna, er det ingen grunnar for å straffe handverkaren for underslag i dette tilfellet.

<sup>42</sup> Slik dommen lesast hadde påtalemyndigheita misforstått ein tidlegare dom frå Høgsterett, sjå Rt. 1937 s. 664, når dei tok ut tiltale. Faktum er tilnærma likt i desse sakane, men den domfelte i 1937-dommen hadde krevd skatten hos gjestane og summert den i salsprisen.

<sup>43</sup> Sjø Rt. 1939 s. 196, på side 198.

<sup>44</sup> Dommen er og illustrerande for grensedraginga mellom straffeboda ettersom Høgsterett i siste avsnitt i dommen syner til at vurderinga om tiltalte sine handlingar kan reknast som bedrageri eller utruskap, er «andre forhold» enn korleis tiltalen i denne saka var utforma. Høgsterett gjekk difor ikkje inn på det.

<sup>45</sup> Sjø s. 438 i dommen.

*tiltalte av byggherrene for formidling til ferdighusprodusenten, og at beløpene ikke kan anses innfordret for underentreprenørene».*<sup>46</sup>

I Rt. 2000 s. 1855 hadde ein person som mellommann hjelpt til ved eit firmas julebordarrangement på ein gjestegard, men det var ikkje nokon avtale direkte mellom gjestegarden og julebordskunden. Det sentrale i dommen gjaldt eit forskot eller depositum på kr. 20 000 som firmaet hadde innbetalt, men som kvinna haldt att. Høgsterett vurderte ikkje midlane som «betrodd», og då det ikkje låg føre ein avtale mellom firmaet og gjestegarden, var midlane heller ikkje «innfordret» for gjestegarden.<sup>47</sup>

### **3.2.3 Disposisjonsrettar**

Ei rekkje underslagsdommar har sitt opphav i underslag gjort på arbeidsstaden. Ein er då ofte i ein stilling med rettmessig tilgang til dømevis eit varelager, bankkontoar eller kassaapparat. At ein er gjeve tilgang til desse er ein tillitserklæring frå arbeidsgivar, som er naudsynt for at arbeidsoppgåvene skal kunne gjerast på effektivt vis.

Dommen som er innteke i Rt. 2006 s. 853, handlar om ein bankansatt i DNB som hadde tileigna seg kring kr. 102 000,- ved å overføre pengar frå ein husleigedepositumskonto til sin eigen personalkonto. Gjennom si stilling i banken hadde den bankansatte fått tildelt sakshandsamingsverktøy som sat den tilsette i stand til eigenhendig å overføre midlane. I avsnitt 12 konstaterer Høgsterett at slik bruk av sakshandsamingsverktøyet var eit brot på den tilliten som fylgde stillinga, men at «*det er ikke tale om noen spesielt betrodd stilling*». Kva Høgsterett meiner med denne merknaden er ikkje heilt tydeleg isolert sett. Poenget er at det ikkje er tale om at direktøren utnyttar sin særskilde posisjon, men det er likevel slik at òg dei nedst på rangstigen kan utnytte grunnleggjande tillit.<sup>48</sup>

Dommen TOSLO-2015-4031 er eit illustrerande døme der ein ser spor av same logikk. Saka handla om tre personar som hadde vore tilsett i Bring på eit retursenter for mellom anna øydelagde og ikkje-sporbare varer. Dei tre tiltalte arbeidde som avdelingsleiar, reklamasjonsmedarbeidar og prosjektleiar. Tingretten la vekt på at prosjektleiaren og

---

<sup>46</sup> Sjø s. 439 i dommen

<sup>47</sup> Beløpet vart sett på som betaling med frigjerande verknad av firmaet, og dei er difor ikkje «betrodd» i underslagsføresegnas bokstav b sin forstand.

<sup>48</sup> Høgsterett legg med dette vekt på kva stilling gjerningspersonen har, og ser dette i samanheng med graden av tillitsbrot ovanfor arbeidsgivar.

avdelingsleiaren hadde brote den særlege tillita som fylgde av deira stillingar. Retten konstaterer at dei hadde «*overordnede, betrodde stillinger*» i ei verksemd som handsama store verdiar for kundane og som difor var avhengig av deira tillit.<sup>49</sup> Retten konstaterer vidare at den tredje, som hadde ei underordna stilling utan leiaransvar, og hadde brote den særlege tillit som fylgde med verksemda, men ser ikkje stillinga som særleg «betrodd».

Ein kan og få slike disposisjonsrettar på andre måtar, enn ved arbeid. Eit døme på dette er dommen i LG-2014-24825. Saka handla om ein mann som underslo pengar frå ein fleksilånskonto frå sambuaren sin. Den fornærma var ukjend med at han kunne disponere kontoen aleine ved nettbanktilgang, og visste heller ikkje om disposisjonane.<sup>50</sup> Den tiltalte tømde kontoen over ein to-årsperiode ved å overføre summen til eigen konto. Retten legg i dommen vekt på tillitshøvet mellom partane, og det må i ein slik situasjon og samanheng leggjast til grunn at midlane var «betrodd» mellom partane, all den tid det er knytt forventningar til disponeringa av midlane.

Ein kan og vere i betrodd-posisjon ovanfor ulike personar, i kraft av same stilling. I TOSL-2021-102638 vart ein kommunal sjukepleiar dømd for grovt underslag ved å misbruke posisjonen sin over pengar som var betrodd han. Han hadde fått tilgang til ein døyande mann sitt bankkort, samt fått i oppgåve å veksle inn kr. 57 000 i utgatte setlar for han. Retten konstaterer i dommen at når ein utnyttar den særeigne tilliten som fylgjer av ei slik stilling, bidreg ein og til å svekke den ålmenne tillit til det offentlege hjelpeapparatet.

Sett i lys av Høgsteretts utsegn i Rt. 2006 s. 853 om «betrodd stilling», syner LG-2014-24825 og TOSL-2021-102638 at vurderinga av når ein kan sjåast på som «betrodd» ved disposisjonsrettar ikkje berre kan avgjerast på bakgrunn av hierarkisk posisjon, men at det må gjerast ei konkret vurdering av den tilliten gjerningspersonen har fått ut i frå situasjonen. Det avgjerande er, i lys av desse dommane, den grad av tillit ein har fått, og korleis eit brot på denne tillita rammar den fornærma. Som for vilkåret om «betrodd» i strl. § 324 bokstav b, vert det styrande i vurderinga kor vidt gjerningspersonen sin disposisjonsrett får fylgje av ein klar føresetnad om at den nyttast til eit spesifikt føremål.

---

<sup>49</sup> Ettersom det var relativt enkelt å unndra godset, var det etter rettens syn desto viktigare at medarbeidarane var til å stole på. Dei to tiltalte var i kraft av sine stillingar og i posisjon til å innverke på rutinane for handteringa.

<sup>50</sup> Den manglande kunnskapen skuldast i fylgje dommen ei villfaring tiltalte skapte om dei faktiske tilhøva. Ettersom han sjølv tømte kontoen for pengar, er det ikkje tale om bedrageri.

### 3.2.4 Salssituasjon

Ei aktuell problemstilling under bokstav a, er kvar A har seld ein gjenstand til B, men framleis har tingen hos seg, og disponerer over den på ein måte som er urettmessig ovanfor B. Spørsmålet om det strafferettslege ansvaret for A, må stå på når B kan seiast å vere ny eigar.<sup>51</sup> Rettshøvet mellom A og B må ha utvikla seg til eit punkt, der B har grunn til å få strafferettsleg vern mot svikande disposisjonar frå A, som han ikkje har etter kontraktsreglane. I denne vurderinga vil det i dei fleste høve vere naturleg å ta utgangspunkt i betaling av kjøpesummen.<sup>52</sup> Er kjøpesummen betalt fullt ut og tingen står til kjøparens disposisjon, er dei rettstridige faktiske disposisjonane å rekne som underslag. Betalinga fungerer som ein markert overgang av eigedomsretten og dannar på denne måten eit naturleg skjeringpunkt. Er tingen berre delvis betalt vil det vere naturleg å sjå på det som eit sivilrettsleg kontraktsbrot.<sup>53</sup> I eit slikt tilfelle vil det difor vere naturleg å sjå på seljaren som «betrodd» tingen ved betaling av kjøpesummen.

### 3.2.5 Feilinnbetalingar

I høve underslag av feilinnbetalingar, er det ikkje tale om eit tillitsbrot på same vis som i dei ovannemnde høva. Tilfella vert i alle høve ikkje ramma av § 324 bokstav b, ettersom det ikkje er tale om å vere «betrodd» noko, når ein mottok midlar i lys av feilinnbetalingar. Forholdet fell difor under bokstav a.

I Rt. 2008 s. 1582 hadde eit ektepar forbrukt kring 1 million kroner som ved ein feil var komen inn på bankkontoen frå Aetat (tidlegare NAV). I dommen uttalar Høgsterett tydeleg at dersom mottakaren brukar opp pengane «*vitende om feilen, rammes dette av underslagsbestemmelsen*».<sup>54</sup> Det avgjerande vert difor forsett til gjerningspersonen og den eventuelle kunnskap om at han veit at pengane ikkje er hans.

For ei større næringsverksemd, som opererer med inn- og utbetalingar i stort mon, vil ikkje eit forsett og kunnskap om at innbetalinga er feil, alltid vil vere til stades. Til dette kan Rt. 2003 s. 1234 trekke i motsett retning. I den saka var det, ved ein tastefeil, utferda ein kreditnota på

---

<sup>51</sup> Andenæs (1996) s. 45

<sup>52</sup> Andenæs (1996) s. 45. Utsegnet får og støtte i Matningsdal (2023) lovkommentar til § 324 i straffelova, Juridika.

<sup>53</sup> Andenæs (1996) s. 45

<sup>54</sup> Sjø avsnitt 17 i dommen.

ca. 8,1 millionar kroner, medan korrekte sum var på 81 257 kroner. Pengane kom inn på driftskontoen til selskapet den domfelte var dagleg leiar for, og i staden for å betale tilbake, vart pengane overført til ein sperra konto. I denne saka var uansett det aktuelle forsettet og kunnskapen om feilen til stades. Rt. 1997 s. 1760 støttar løysinga om at det må gjerast eit visst unntak for næringsverksemdar.<sup>55</sup> Saka handla om eit entreprenørselskap som hadde hatt krav på eit større beløp frå ein oppdragsgjevar. Det var avtala at ein del av beløpet skulle overførast direkte til ein underentreprenør. Ved en feil gjekk heile overføringa til entreprenørselskapet, som vidare disponerte over midlane. Høgsterett uttalte at dette måtte sjåast på som «*et regulært mislighold av en sivilrettslig pengeforpliktelse*».<sup>56</sup> Sjølv om forpliktinga var ein fylgje av ei feilaktig handling frå oppdragsgjevaren, skilde den seg ikkje frå alminnelege pengeforpliktingar og underslagsføresegna kan ikkje ramme slike misleghald. Det same må gjelde for privatpersonar, når det er tale om summar ein vanskeleg kan leggje merke til.

### 3.3 Innhaldet i «betrodd»-vurderinga ved bedrageri

For bedrageri fylgjer betrodd-vurderinga av ordlyden «fremkaller, styrker eller utnytter en villfarelse og derved rettstridig forleder noen til å gjøre eller unnlate noe», jf. strl. § 371. Formuleringa skildrar det middel som ein bedragar nyttar, nemleg at offeret «betror» gjerningspersonen grunna villfaringa. For at ein uriktig opplysning eller teiing skal framkalle eller styrke ein villfaring, er det heilt naudsynt at offeret festar ein viss tillit til gjerningspersonen. Eit døme er å utgje seg for å vere frå kommunen og krevje inn pengar, samstundes som offeret betalar i den tru at dette er naudsynt for å halde på heimehjelpa.

Heilt sentralt for bedrageri er «forledelse». Det er og grunnleggjande at villfaring byggjar på at det er tale om eit levande menneske som vert forleda.<sup>57</sup> Det er «forledelse» som skil bedrageriet tydeleg frå utruskap og underslag. I bedrageriet er det offeret som gjer den avgjerande handlinga, og «betroelsen» kjem ikkje av ei stilling eller posisjon, men ut i frå ei villfaring. Årsakskravet i føresegna ved at offeret må gjere eller unnlate noko, er avgjerande for når eit bedrageri er å sjå på som fullbyrda. Om offeret ikkje handlar slik bedragaren ynskjer, ligg det det føre berre forsøk på bedrageri.<sup>58</sup>

---

<sup>55</sup> Høgsterett frifann den daglege leiaren ved 3-2 dissens.

<sup>56</sup> Sjø Rt. 1997 s. 1760, på side 1763.

<sup>57</sup> Matningsdal (2010) s. 392

<sup>58</sup> Sjø Rt. 1984 s. 1281, der uriktige rapporter om haldne kurs vart oppdaga før den offentlege støtta skulle utbetalast.

### 3.3.1 Kan inngåing av avtalar utgjere fullbyrda bedrageri?

Då bedrageriføresegna inneheld eit krav om at offeret «gjør ... noe» på grunn av ein villfaring og «forledelse», er det grunn til å problematisere kva offeret må gjere for at bedrageriet er fullbyrda. Den nedre grensa for fullbyrding er at det oppstår «fare for tap», jf. strl. § 371, men fullbyrdinga fordrar samstundes at offeret gjer noko som fylgje av villfaringa og «forledelse». Andenæs meiner at så lenge offeret er i villfaring, er det fare for at han kjem til å oppfylle den skuldnad som han har tatt på seg, og at det riktige må difor vere å seie at brotsverket er fullbyrda allereie ved inngåinga av den lite gunstige avtalen.<sup>59</sup> Matningsdal har slutta seg til dette, og meiner det «*sannsynligvis [er] tilstrekkelig*» for fullbyrding at avtale er inngått.<sup>60</sup>

Først og framst kan ein argumentere for at det å inngå ein slik avtale er i seg sjølv er ei handling, som oppfyller ordlyden i bedrageriføresegna. Dette må ein leggje til grunn er poenget til Andenæs og. Andenæs skriv ikkje ytterlegare om synspunktet sitt, men dersom han ikkje meiner dette, kan neppe årsakssamanhengen i føresegna seiast å vere oppfylt. Ein avtale må likevel realiserast for å ha noko innverknad eller praktisk betydning. Om A avtalar eit bilkjøp med B, med forsett om aldri å betale for bilen, og tida går utan at avtalen vert oppfylt frå korkje av partane, er det ikkje beint fram at det ligg føre ein «*reell risiko [for tap for B] som det er rasjonelt grunnlag for å hensynta*», når B ikkje sjølv gjer noko knytt til oppfylling av sine pliktar etter avtalen.<sup>61</sup> A er nok likevel truleg over forsøksgrensa i bilhandeldømet, jf. strl. § 16.

Spørsmålet vert difor om det «fare for oppfylling av forplikting» er det same som «fare for tap». Sagt på anna vis; om ein avtale i eit slikt tilfelle utgjer «fare for tap» som gjer bedragerihandlinga fullbyrda, om ingenting vert gjort i etterkant knytt til avtalen.

A har eit rettskrav, etter avtalen, på å motteke bilen. Samstundes har B eit rettskrav på motytinga. Begge kan difor, på same viset, etter sivilrettslege reglar fylgja opp mishaldsverknadar i ein slik situasjon. Det er likevel lite sannsynleg at A vil krevje levering av bilen, men samstundes unnlate å betale, ettersom bedrageriet vil kunne bli oppdaga.

---

<sup>59</sup> Andenæs & Andorsen (2008) s. 392

<sup>60</sup> Matningsdal (2023) note 2323 til § 371, Rettsdata

<sup>61</sup> Slik Høgsterett definerar «fare for tap» i Rt. 2007 s. 583 avsnitt 34.

I Rt. 1992 s. 1258, som handla om ran, kom Høgsterett til at det låg føre «fare for tap» når bankkasseraren vart tvungen til å leggje pengane på skranken.<sup>62</sup> Her gjorde kasseraren likevel ei tvungen handling, og pengane var «klare» til å bli tatt. For gjerningspersonane stod det berre att å gripe tak i pengane. I Rt. 1986 s. 1076 kom Høgsterett til at kreditering av eit beløp var fullbyrda bedrageri, sjølv om pengane aldri vart utbetalt, og i Rt. 1990 s. 55 var det «fare for tap» ved at beløp var godskriven bankanes postgirokonti.<sup>63</sup> Sjølv om ein tenkjer på «fullbyrda» som at alt er gjort, kan det vere slik at eit faktum, avhengig av nærare vilkår, kan gje fullbyrda status – trass i at meir står att, om enn lite. Både kreditering og godskriving må likevel sjåast på som handlingar som offeret gjere i lys av noko ein har føre seg, til dømes ein søknad eller avtale. Om B til dømes aldri gir frå seg nøklane til bilen eller at det aldri avtalast henting av bilen, kan ein vanskeleg seie at dette representerer «fare for oppfylling av forplikting».

Dersom A ikkje gjer noko etterfylgjande etter avtaleinngåinga, til dømes styrke villfaringa eller å ytterlegare forlede B, vil han heller ikkje oppnå målet med handlinga. For at vinningsforsettet skal vere til stades, ligg det i dagen at gjerningspersonen tenkjer at han i enden av fullbyrdinga skal få vinning sjølv eller for nokon andre. Viss målet ikkje er å skaffe seg eller andre ei vinning til slutt, kan ein ikkje påleggja han eit vinningsforsett heller. Då må ein subsumere forholdet under eit anna straffebod, grunna mangel på vinningsforsett.

Det gjev ikkje meining å seie at gjerningspersonen er «betrodd» ved inngåing av ei avtale, utan at det skjer nokon etterfylgjande handlingar knytt til den aktuelle avtalen. Sjølv om det ligg føre ei kontraktsrettsleg lojalitetsplikt, er det først, ved overrekking av bilnøklane, at ein kan seie at offeret lir tilstrekkeleg på gjerningspersonen til at ein kan tale om å vere «betrodd».

Som det vil visast til under punkt 3.3.3 er det ikkje problematisk ved tilfelle av låne- og trygdebedrageri.<sup>64</sup> Det har ikkje lukkast å finne motførestillingar til Andenæs og Matningsdal sine synspunkt. Som gjennomgangen syner er det likevel vågeleg å ha som hovudregel for alle tilfelle.

---

<sup>62</sup> Høgsterett kom til at ranet på bakgrunn av dette var fullbyrda, sjølv om den domfelte ikkje fekk med seg pengane.

<sup>63</sup> Matningsdal syner til desse dommane som støtte for sitt syn, jf. Matningsdal (2023) note 2323 til § 371, Rettsdata

<sup>64</sup> Låne- og trygdebedrageri er noko spesielle bedrageri der offeret gjer ei omfattande vurdering i forkant basert på informasjon som vert sendt inn



### 3.3.2 Salssituasjonar

Bedrageri vert ofte på folkemunne kalla svindel, og dette gjeld særleg i salssituasjonar. I TOSLO-2002-761 handla saka om ein mann som hadde fått 2000 personar til å kjøpe produktet «Fat Mover» ved å marknadsføre dette som eit slankeprodukt, ved å aktivt teie om den manglande effekten. Kjøparane vart og lova eit gratis kamera på kjøpet, som dei heller ikkje ville få. Eit noko annleis døme er TOSLO-2006-11899, kvar tiltalte hadde lurt tre eldre kvinner til å utlevere servise og eit veggur, ved å fylle ut ein giroblankett, og på slikt vis gi inntrykk av at han ville betale for tinga.

Felles for båe døma er at villfaringa gjerningspersonen skipa, fekk offera til å gjere handlingar som medførte tap eller fare for tap for desse. For salsbedrageri er det først når kjøparane har festa nok lit til gjerningspersonen til at dei gjer handlingar knytt til tillita. Først når kunden har gått til det steget å betale kjøpesummen, abonnere eller å gi frå seg noko, kan ein seie at tillita er så festna at ein «betror» gjerningspersonen ut i frå villfaringa og marknadsføringa.<sup>65</sup> Om ein tek utgangspunkt i «Fat Mover»-dommen, kan det tenkjast at det var fleire potensielle kundar som valde å ikkje kjøpe produktet, men som likevel festa stor lit til marknadsføringa. Å kalle forholdet mellom desse potensielle kjøparane og gjerningspersonen for «betrodd», er å strekke vurderinga for langt. Gjerningspersonen kan likevel straffast for forsøk på bedrageri i slike tilfelle. Det som skil forsøket frå fullbyrda handling er handlinga offeret gjer i tillit til gjerningspersonen.<sup>66</sup>

Eit anna salsdøme kan illustrere problemstillinga ved unnlating. A har planar om å selje bilen sin, og veit at bilen har omfattande rustskade i understellet. B, utan kunnskap om rustskadane, vel å legge inn bod på bilen når han høyrer om A sine salsplanar. I dette høvet kan ein ikkje seie at A har forleda B til å gi bod på bilen. A har, ved sin aksept av tilbodet og teiing om rustskadane, utnytta B sin manglande kjennskap til – og reelt sett villfaring om – skadane, og slik «forleder» B til etterfylgjande handlingar, som å kjøpe bilen. Når B betalar kjøpesummen, eller på annan måte tek på seg utgifter, som ledd i avtalen, gjer han det i tillit til A som avtalepart, og «betror» han ut i frå den verkelegheitsforståinga A har skapt ved å teie.<sup>67</sup>

---

<sup>65</sup> Marknadsføringa av eit produkt vert for salsbedrageri ofte den «forledelse» som bedrageriføreseigna krev.

<sup>66</sup> Årsakskravet mellom forledelsen og handlinga til offeret er sentralt i bedrageriføreseigna. Om offeret ikkje er forleda, eller offeret ikkje handlar, er det ikkje tale om eit fullbyrda bedrageri.

<sup>67</sup> B har sjølv sagt ei undersøkingsplikt etter kontraktsreglane, som må haldast opp mot A sin opplysningsplikt.

### 3.3.3 Låne- og trygdebedrageri

Ein velkjend form for bedrageri er låne- og trygdebedrageri. Ein person får eit lån til eit avgrensa føremål, men brukar pengane i strid med långivar sin føresetnad. Sjølv om det kan tenkjast at forholdet kunne blitt ramma av strl. § 324 bokstav b, har Høgsterett avgjort at pengane ikkje er «betrodd» låntakaren i underslagsføresegna bokstav b sin forstand, jf. Rt. 1952 s. 226. Forholdet omfattast av bedrageriføresegna. Trygdebedrageri kjenneteiknast ved at ein sendar inn feil eller misvisande informasjon til NAV, og på denne måten får utbetalt stønad som ikkje er rettmessig.

Kreditthandsaming og stønadshandsaming er masseforvaltning, og både banksystemet og handsaminga hos NAV er i stor grad basert på tillit. Tilsegn om lån eller stønad vert gjort på basis av tilhøva hos den som søker lån. Dei er difor nøydd til å lite på informasjonen kundane sender inn og leggje til grunn at det er reelt, dersom dei ikkje har grunnar til å mistenke noko anna. Bankane og NAV må difor i utgangspunktet kunne stole på at informasjon som kjem frå lånekundar, meklarar, sakkunnige og andre er riktig. For slike bedrageri ligg det difor i saka si natur at den som utbetalar pengane har tillit til personane, og dermed «betror» han ut i frå den villfaringa personen har skipa.

Nokre lån har som absolutte vilkår at pengane skal nyttast på ein spesifikke høve. Det var tilfellet i TOSLO-2020-130582, kvar det var tale om statsgaranterte støttelån for små og mellomstore verksemder i samband med koronapandemien.<sup>68</sup> I lånesøknaden hadde tiltalte stadfesta at «*Nedbetalingslånet benyttes til forfalte og fremtidige driftsutgifter eller finansiering av investeringer som er nødvendig for å sikre vidare lønnsom drift*», men rett etter utbetaling vart pengane brukt til innfriing av gjeld hos Santander, Bank Norwegian og overført til eigars privatkonto. Retten meinte difor at opplysningane i lånesøknaden og prosessen elles, skipa ei villfaring og at banken difor vart forleda til å utbetale statsgarantert lån til selskapet, som ikkje var rettmessige.<sup>69</sup>

Kva gjeld spørsmålet om når eit lånebedrageri er fullbyrda, er det i rettspraksis lagt til grunn at det er på tidspunktet for tilsegn.<sup>70</sup> Gjerningspersonen får ved tilsegn, ein avtale om lån, med

---

<sup>68</sup> I dommen kom retten til at dei objektive vilkåra for grovt bedrageri var oppfylt, men at subjektive vilkår gjorde til at tiltalte måtte dømmast for grovt uaktsamt bedrageri.

<sup>69</sup> Etter rettens syn ville ikkje lånet vore innvilga dersom selskapet hadde opplyst kva midlane faktisk ville blitt brukt til, jf. punkt 2 i dommen.

<sup>70</sup> Sjø LG-2022-150254 som vart avsagt 30.08.2023, som stadfestar dette. Den dommen er anka til Høgsterett.

føresetnad om at eventuelle vilkår er oppfylt, som t.d. pant eller kausjon. Banken vil ikkje ved utbetalinga gjere ei ny vurdering av om lån bør gjevast, berre kontrollere evt. tinglysing av pant og liknande. Banken vil difor vere i «fare for tap» på tilsegnstidspunktet eller på tidspunkt for påkrav om utbetaling, på grunn av villfaringa gjerningspersonen har sett dei i. Løysinga er nok den same for trygdebedrageri, av dei same grunnar, slik at bedrageriet er fullbyrda på vedtakstidspunktet. Ein skilnad som må nemnast er at ein långivar «*normalt ikke kan anses å bli utsatt for fare for tap*» om låntakar ved overtaking av lånet stiller fullgod sikkerheit, jf. Rt. 2007 s. 583 avsnitt 35.

### **3.3.4 Utnytting av tillitshøve**

Bedrageri kan og gjennomførast der det allereie føreligg eit tillitshøve mellom partane, som gjer gjerningspersonen «betrodd» i gjerningshandlinga meir eller mindre «automatisk». Eit døme på dette er LG-2005-63090 der ein mann fekk ei 66 år gamal dame med overforbruk av medikament til å selje bustaden og kvitte seg med inventar, i den trua om at dei var kjærastar og skulle flytte saman. Den fornærma mottok pengane frå bustadsalet, men vart «forledet» til å bruke dei til gjerningspersonane sin fordel. Lagmannsretten meinte den tillita hovudmannen hadde opparbeida hos kvinna, saman med avhengigheitsforholdet som vart skipa, var ein naudsynt føresetnad for at bedrageria kunne settast ut i livet. TAUAG-2017-46243 er eit anna døme der tillitshøvet gjer gjerningspersonen «betrodd». I denne saka hadde ei kvinne utgitt seg for å vere lege, og utnytta alvorleg sjuke menneske til å utbetale pengar mot falske lovnadar om behandling.

Ein noko anna situasjon fann stad i RG 2012 s. 1722 (Borgarting), der ei kvinne gjennom ein 10-årsperiode hadde leiande offentlege stillingar som ho oppnådde ved å nytte falske vitneprov og gje seg ut for å ha ei høgare utdanning enn det ho faktisk hadde. Lagmannsretten skildrar handlinga som eit tillitsbrot mot arbeidsgivarane, kollegaene og dei søkjarane ho konkurrerte med om stillingane. Det er klart at kvinna satt arbeidsgivarane i ei villfaring som ho utnytta til å forlede arbeidsgjevar til å tilsetje ho. For tapsvilkåret, syner lagmannsretten til at det alltid er ein risiko ved tilsetjingar, men når det er sannsynleg at dei lengre nede på

søklarlista er meir kvalifiserte, og i ålmenta betre eigna til å gjere best mogleg jobb, er vilkåret om tap oppfylt.<sup>71</sup>

### 3.4 Innhaldet i «betrodd»-vurderinga ved økonomisk utruskap

For økonomisk utruskap fylgjer vurderinga av ordlyden «som han styrer eller har tilsyn med», jf. strl. § 390. I formuleringa ligg at gjerningspersonen må ha eit oppdrag om å ta i vare ei interesse på vegne av nokon, anten i form av til dømes arbeidskontrakt eller tillitsverv. Eit døme er fullmektigen sin bruk av prinsipalen sine midlar til kjøp av noko til klar overpris, eller å selje noko som prinsipalen eig, til klar underpris.

Etter ordlyden står det fram som tydelegare for økonomisk utruskap kva som ligg i å vere «betrodd» noko, enn ved bedrageri og underslag, jf. «*styrer eller har tilsyn med*».

Straffebodets føremål er etter førearbeida å «*sikre lojal opptreden*».<sup>72</sup> Det sentrale ved utruskapshandlinga er styre- eller tilsynsfunksjonen. For å nytte utruskapsføresegna på høve som kan reknast for underslag, må det krevjast noko meir enn tileigning av midlar. Krenkinga av styre- eller tilsynsfunksjonen må kome attåt tillegg underslagshandlinga.<sup>73</sup>

I Rt. 1993 s. 244 synte Høgsterett til kva byretten hadde gjort greie for, og sa seg einig i at karakteren av tillitsbrot ved utruskapshandlingar er framståande og betydninga av at næringslivet sine leiarar utfører sine oppgåver og treff sine avgjerder i tråd med «*de regler som gjelder i samfunnet og i full lojalitet overfor de organer og interesser de er satt til å ivareta*».<sup>74</sup> I lys av dette, leggjast det vidare til grunn at omsynet har særleg betydning i høve kvar ein og same leiar, eller leiing, har verv og nyttar mynde til å fatte avgjersler i fleire selskap, som kvar har eigne økonomiske interesser å ta i vare. Kvar økonomisk eining vil i desse tilfella ikkje ha det vern mot illojale eller skadelege disposisjonar, som elles er tilstades der det finnast ei uavhengig leiing.

---

<sup>71</sup> Sjølv om formalkompetanse ikkje alltid er ein garanti for at det vert utført ein god jobb, syner lagmannsretten til at faren for at vedkommande ikkje fyller stillinga, er langt større når formalkompetanse manglar.

<sup>72</sup> Sjø Ot.prp.nr 22 (2008-2009) s. 345.

<sup>73</sup> Stordrange (2014) s. 109 og 110

<sup>74</sup> Sitatet fylgjer av førstevoterande i mindretalets votum, men dissensen i dommen gjeld berre sjølve straffeutmålinga.

Ei ytterlegare klargjering fylgjer av Rt. 1993 s. 727 kvar Høgsterett uttalar om tolkinga av «uberrettiget vinning» at uttrykket skal tolkast slik at det omfattar vinning ved handlingar som ut frå ei vurdering må sjåast på som «*illojale mot arbeids- eller oppdragsgiverens interesse og derfor representerer et misbruk av den stillingen som arbeids- eller oppdragstakeren har*».

### 3.4.1 Styre

Som nemnd ovanfor vil ei stilling eller posisjon i seg sjølv innebere at gjerningspersonen er «betrodd» noko ved utruskap. Spørsmålet vert difor kva som kjenneteiknar stillingane som i seg sjølv er «betrodde».

Eit godt døme er å finne i Rt. 1992 s. 1451, kvar ein administrerande direktør i eit selskap, som var forretningsførar for fleire andre selskap, hadde overført eller utbetalt ca. 128 millionar kroner frå sistnemnde selskap til forretningsførarselskapet. Høgsterett uttalar i dommen at den domfelte hadde ein «*særlig innflytelsesrik posisjon gjennom alle de stillinger og verv han satt i, og at han var vist "meget stor tillit"*» og at slike handlingar «*bidrar til å svekke tilliten til norsk næringsliv og tillitsforholdet innad i næringslivet*».

Ordlyden til «styre» inneber at gjerningspersonen må ha eit klart og tydeleg oppdrag, kvar han er sett til å ta i vare interessene til oppdragsgjevaren. «Styrer» gjev assosiasjonar til rollar som styreleiar og dagleg leiar. Og det at gjerningspersonen er satt til å forvalte noko, som til dømes ein portefølje eller ein anna type samling, omfattast av ordlyden.

«Styre»-rolla vil ofte innebere ein personell og/eller materiell representasjonskompetanse, typisk signaturrett på vegne av prinsipalen, eller andre typar fullmakter. Av ordlyden går det uansett ikkje fram krav om slik kompetanse eller fullmakt. Eit moment i vurderinga vil det likevel vere.<sup>75</sup> Vidare er det eit kjenneteikn at forholdet mellom gjerningspersonen og den representerte er av permanent karakter, eller relativt varig.<sup>76</sup> Den må vere nokså fast og vedvarande, men det kan ikkje krevjast at den er evigvarande eller permanent. Lengre tid enn flyktige og forbigåande høver, må likevel krevjast.

---

<sup>75</sup> Stordrange (2014) s. 33

<sup>76</sup> Jakobsen et al. (2020) s. 241

I Rt. 1994 s. 1555 vart ein banksjef frifunnen for grovt økonomisk utruskap. Han hadde gjort vesentlege brot på dei interne instruksane og løyverammene for dei ulike nivå i verksemda.<sup>77</sup> I dommen uttalar Høgsterett at kvar det skjer overstiging av fastsette løyverammar, vil det ligge føre rettsstridig forhold ved at «*avgjørelsene unndras fra bankens kompetente organer*».<sup>78</sup> At gjerningspersonen har ei slik leiande rolle med ein moglegheit til å «overkøyre» underordna organ, er eit illustrerande døme som klart fell inn under «styre». I RG 1996 s. 1152 (Frostating) som har eit noko liknande faktum som i Rt. 1994 s. 1555, særleg knytt til fullmaktsoverskridingar, dømde lagmannsretten administrerande direktør og soussjef i eit finansieringsselskap for utruskap. I dommen kritiserer retten til dels drifta i finansieringsselskapet og leiinga for å vere opptatt av volumauke, men understrekar at dette likevel «*ikkje [kan] frata betrodde ansatte deres ansvar for selv å opptre forsvarlig*».

Eit sentralt kjenneteikn med utruskap som heilskap, men særleg for «styre»-rollene, er viss gjerningspersonen har ei lojalitetsplikt ovanfor selskapet, jf. Rt. 2013 s. 1254.<sup>79</sup> Når rolla gir stor faktisk innflyting, eller ein reell kontroll av drift og prosessar, må ein og sjåast på for å vere i ei «styre»-rolle. Det at leiande roller ofte er sjølvstendige er eit anna kjenneteikn, som i seg sjølv må vurderast som ei tillitserklæring frå oppdragsgjevaren.

Ein verksemdseigar vil ha stor tillit til den han tilsett som dagleg leiar i verksemda si, og ei særskild von om at han gjer dei handlingar og fattar dei avgjersler som gagnar bedrifta best. For den gjengse medarbeidar, til dømes utan personal-, leiings-, eller anna særskild ansvar, ligg ikkje den same tilliten føre. Sjølv om verksemdseigaren naturleg nok har tillit til, og kan vente seg, at medarbeidaren ikkje skadar verksemda, er ikkje omfanget av tillita den same. Desse skilnadane i tillit, syner og kvifor det er eit skilje mellom utruskap og underslag. Sjølv om brot på begge straffeboda er eit tillitsbrot, er tillitsbrotet større hjå den daglege leiaren. Han er «betrodd» fleire områder i verksemda og har meir ansvar.

---

<sup>77</sup> Banksjefen vart frifunne fordi Høgsterett meinte at vesentlege brot på interne instruksar, må sjåast i lys av omstende som kan gjere til at forholdet ikkje bør sjåast på som utruskap ovanfor banken. I denne saka vart det lagt vekt på at bankens organ og andre tenestemenn i stor utstrekning var orientert om utviklinga i det banksjefen gjorde, utan at nokon gjorde gjeldande nokre innvendingar.

<sup>78</sup> Sjå Rt. 1994 s. 1555, på side 1560.

<sup>79</sup> Sjå dommens avsnitt 58. Saka handla om at gjerningspersonane hadde stått for vidareasal av skip innan ein selskapsføre dei kontrollerte, for betydeleg høgare beløp enn opphavelig innkjøpspris, og nytta differansen til føremål som var siste eigars uvedkommande.

### 3.4.2 Tilsyn

Høgsterett har gått høvesvis langt i å nytte straffebodet mot handlingar gjort av gjerningspersonar i stillingar med mindre sjølvstendegrad.<sup>80</sup> Ordlyden til «tilsyn» opnar for at og nokre underordna roller vært ramma av lovføresegna.

I førearbeida vart det fremja at omfanget av straffebodet burde avgrensast til personar med ei meir «sjølvstendig stilling».<sup>81</sup> Departementet var ikkje einig i dette, og synte til at og personar som fører tilsyn utan å ha ei overordna stilling har høve til å skade prinsipalen.<sup>82</sup> Dei uttalar vidare at dersom ein berre straffar vedkommande for tjuveri eller underslag, «*vil en vesentlig og straffverdig side ved overtredelsen falle utenfor straffansvaret*».<sup>83</sup>

Utfordringa vert difor å vurdere kva styre- og tilsynsroller som kan omfattast av utruskapsføresegna, utan at det tale om ei typisk leiarstilling.

Eit eldre døme finn ein i Rt. 1953 s. 833, kvar ein rekneskapsfører og kasserar i H. M. Kongens Garde vart dømd for utruskap. Høgsterett vurderer ikkje vilkåret om sjølvstende inngåande, men syner til at den ikkje finn haldepunkt for at lovtolkinga på dette punktet var feil. Eit anna interessant døme er i Rt. 1976 s. 944, kvar ein seljar, som var den einaste tilsette i ei avdeling, vart vurdert å ha ei sjølvstendig stilling som vart ramma av utruskapsføresegna.<sup>84</sup> For Høgsterett var det avgjerande at han kunne handle på eiga hand, representere ut, og binde firmaet rettsleg. I Rt. 1991 s. 40 vart ein tenestemann i Televerket dømd for utruskap.<sup>85</sup> Han hadde rekvirert bruk av køyretøy og utstyr for eigne føremål, og det avgjerande synspunktet synast å vere at han rekvirerte og deretter attesterte på fakturaene. Denne rolleoppgåva gav stillinga nok sjølvstende til å oppfylle krava i utruskapsføresegna.

I Rt. 2003 s. 1376 vart ein sakshandsamar ved fylkesskattekontoret dømd for utruskap. Han hadde sørge for at eit einmannsføretak urettmessig fekk refundert inngåande meirverdiavgift. Høgsterett vurderer ikkje graden av sjølvstende ved stillinga i dommen, men det avgjerande

---

<sup>80</sup> Sjø til dømes Rt. 1992 s. 1463, der ein vektar i eit vaktelskap vart dømd for utruskap ovanfor vaktelskapet.

<sup>81</sup> Sjø NOU 2002:4 s. 315, der Straffelovkommisjonen viste til Rt. 1992 s. 1463 og meinte at «*Overfor underordnede vil i mange tilfeller straffebudene mot tyveri og underslag kunne brukes*».

<sup>82</sup> Sjø Ot.prp.nr.22 (2008–2009) s. 345.

<sup>83</sup> Departementet meiner difor at verkeområdet for straffebodet er «*hensiktsmessig avgrenset etter gjeldende rett*», jf. Sjø Ot.prp.nr.22 (2008–2009) s. 345.

<sup>84</sup> Byretten hadde frifunne den tiltalte på dette punktet og Høgsterett oppheva byrettens dom.

<sup>85</sup> Tiltalen gjaldt underslag, men Høgsterett fann ikkje at tilegnelsen av ytingane kunne sjåast på som underslag og omsubsumerte forholdet til utruskap.

må truleg vere at den domfelte hadde mynde til å treffe slike vedtak.<sup>86</sup> I LB-2017-108216-2, som handla om ein sakshandsamar i Forsvaret med ansvar for sal av fartøy, konstaterer lagmannsretten at stillinga var av tilstrekkeleg sjølvstendig karakter utan ytterlegare drøfting.<sup>87</sup> Grunngevinga synast likevel å vere den same som i Rt. 2003 s. 1376. At og korte oppdrag gjort av ein advokat har ein sjølvstendig nok rolle, fylgjer mellom anna av Rt. 2009 s. 231.

Gjennomgangen syner at krava til sjølvstende i stillingar, ikkje er særleg strengt. Det er sjølvstendig uansett påkravd med ei konkret vurdering. For dei meir underordna rollene er ei slik vurdering heilt naudsynt, samanlikna med «styrerolla», kvar ein implisitt har ei leiande stilling.

Straffebodet er meint å ramme tillitsbrot, og det fordrar at gjerningspersonen er i ein posisjon der han eller ho kan gjere eigne val som kan klandrast for å vere i strid med oppdragsgivarens interesser. Å straffe rekneskapsarbeidaren for utruskap, når han eller ho, gjennomfører ein transaksjon som nokre andre har bestemt, gjev difor ikkje mening. Grensa ser, etter gjennomgangen ovanfor, ut til å vere ved typiske stabsstillingar, som ikkje kan fatte avgjersler åleine eller som ikkje representerer føretaket utad.<sup>88</sup> Samstundes syner døma at den låge graden av sjølvstende, vert «kompensert» med at det er eit forhold av noko varigheit.

### 3.5 Samanfating

Som gjennomgangen ovanfor syner, vert ein «betrodd» midlar på forskjellige måtar i forskjellige situasjonar. For utruskap og underslag syner analysen at det er typisk i stillingar at gjerningspersonen gjer brotsverket, og at den hierarkiske posisjonen til stillinga har betydning.

Ei handling kan i og føre seg verte ramma av både utruskapsføresegna og underslagsføresegna. Subsidiaritetsklausulen i strl. § 390 andre ledd nettopp dette som føresetnad, jf. Rt. 2012 s. 243 avsnitt 34.<sup>89</sup> Utruskapsføresegna kan difor i nokre samanhengar

---

<sup>86</sup> Lagmannsretten drøftar heller ikkje sjølvstende inngåande, og berre konstaterar at stillinga oppfyller vilkåra, jf. LE-2002-690. Om sakshandsamaren ikkje hadde adgang til å treffe slike vedtak, er det lite truleg at stillinga ville vere sjølvstendig nok.

<sup>87</sup> Sjå punkt 6 i dommen, der lagmannsretten tar stilling til tiltalen om grov utruskap.

<sup>88</sup> Sjå Stordrange (2014) s. 32

<sup>89</sup> Sjå og Ot.prp.nr. 78 (2002-2003) s. 53.



verke overflødig, ettersom ordlyden er klar på at den ikkje skal nyttast på handlingar som fell inn under underslagsføresegna. I den retning kan det og synast til at tillitsbrot som fylgjer av stilling, verv eller oppdrag, er eit relevant moment etter strl. § 325 c) om grovt underslag. I sakar om grove handlingar er det difor ikkje naudsynt å nytte utruskapsføresegna for å vektlegge misbruket av tillit.

Dette er likevel eit moment i ein heilskapleg vurdering av om ein skal oppsubsumere forholdet til eit strengare straffebed. At det mest tungtvegande moment i ei slik vurdering, er verdien av det som vert underslått, følgjer av førearbeida.<sup>90</sup> Samstundes syner praksis at underslag ofte vert sett på som grovt på grunn av den økonomiske verdien åleine.<sup>91</sup> Utruskap nyttast derimot der stillinga er meir sjølvstendig og tilliten er større. Føresegna vert difor ikkje overflødig, dersom bruken av lovføresegna nyttast på dei tilfella kvar tillitsbrotet er meir klanderverdig enn ved underslagstilfella.

Kva gjeld spørsmålet om på kva tidspunkt ein kan seiast å vere betrodd, syner analysen at det er nokså situasjonsavhengig etter dei ulike straffebed. For utruskap må løysinga vere at ein er «betrodd» når ein kjem i ei styre- eller tilsynsrolle. For underslag må tidspunktet vere når gjerningspersonen kjem i besittelse eller i posisjon til å kunne disponere over tingen eller midlane.

Bedrageriet skil seg klart frå dei andre straffebed, ettersom det er tale om ei villfaring og forledelse. Om det ikkje ligg føre eit tillitshøve mellom partane på førehand, må graden av tilliten offeret festar til gjerningspersonen være lågare enn ved dei to andre straffebed. Sidan offeret berre treng å handle på grunn av villfaringa og forledelse, og slik valde fare for tap, kan ikkje terskelen vere høg. Sett i lys av årsakskravet i bedrageriføresegna er det heller ikkje naturleg å anse gjerningspersonen som «betrodd» før offeret gjennomfører ei handling.

---

<sup>90</sup> Sjø Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) s. 285 der det uttalast at det økonomiske omfanget av underslaget «bør [...] stå sentralt» ved vurderinga.

<sup>91</sup> Husabø (2022) Lovkommentar §325 note 2 pkt. 1, Karnov

## 4 Utvalde problemstillingar

### 4.1 Kan utbytte frå bedrageri vere gjenstand for underslag av dei same gjerningspersonane?

#### 4.1.1 Innleiande merknadar om LB-2021-181826

Dom vart sagt 23. juni 2023.<sup>92</sup> Saka gjeld to menn som vart dømd for grovt underslag av cirka 46 millionar kroner ovanfor 45 norske kjøparar av leilegheiter i eit eigedomsutviklingsprosjekt i Brasil.<sup>93</sup> I kontraktane var det avtalt at seljar skulle sørge for heftingsfri tinglysing, og av salsbrosjyren gjekk det fram at pengane ville stå på sperra klientkonto fram til overtaking av leilegheitene. Det fylgde og av kontraktane at utbetaling av kjøpesum til seljar ville skje samstundes med overlevering av skøyte. Parallelt med, og i etterkant av at kundane overførte kjøpesummen, sørge dei tiltalte for at midlane som var betalt inn til selskap X, vart vidareført til eit anna selskap Y, der dei vart merka «kapitalforhøyelse for eierne» eller liknande. Overføringane gjekk føre fortlaupande i tidsrommet 2006 og ut 2009, og innbetalingar til andre klientkontoar vart og overført til selskap Y i same tidsrom. I løpet av 2008 sørge dei tiltalte for at leilegheitskomplekset vart pantsett som sikkerheit for eit lån. Kjøparane fekk dermed ikkje heftingsfrie skøyte, og dei hadde heller ikkje rimeleg høve til å heve kjøpet eller krevje pengane tilbake, sidan pengane ikkje lenger var i hald på konto, i strid med kjøpsavtalen.

#### 4.1.2 Var pengane «betrodd»?

I punkt 8 i dommen tek lagmannsretten stilling til lovbruken, og forsvaret sin påstand om at viss det ligg føre forledelse vil ikkje vilkåret om betrodde pengar vere oppfylt etter underslagsføresegna.<sup>94</sup> Det første lagmannsretten tek stilling til er om dei innbetalte kjøpesummane var «betrodde» pengar. Dette må avgjerast ut i frå kva som var avtalt med kjøparane. Ein samla lagmannsrett fann det prova at det var avtalt at forskotsbetalingar frå

---

<sup>92</sup> Dommen er anka til Høgsterett, og det er ikkje per tid fatta ei avgjersle av ankeutvalet.

<sup>93</sup> Dommen er for lang til å gå igjennom alle høve i saka. Problemstillinga som vert reist er imidlertid i kjerna av sondringa mellom straffeboda og kva det betyr at noko er «betrodd».

<sup>94</sup> Om domstolen såg på handlinga som bedrageri istadenfor underslag, meinte forsvararane at forholdet var forelda etter strl. § 88. Dei opprinnelege siktingane gjaldt bedrageri og utruskap, ikkje underslag.

kjøparane, heilt eller delvis, skulle stå på klientkonto inntil kjøparane overtok leilegheitene og fekk utferda skøyte fritt for hefte.<sup>95</sup> Lagmannsretten fann det difor ikkje tvilsamt at dei innbetalte pengane var «betrodde» midlar.

Som det er gjort greie for i punkt 4.1.1 stod det i reklamematerialet at pengane skulle stå på klientkonto, og at utbetaling først ville skje ved overtaking. Denne villfaringa førte til at kjøparane betalte i trua på marknadsføringa. Det er lite truleg at dei ville handla slik, utan marknadsføringa. Når handlingane utsette kjøparane for «tap eller fare for tap», og dei tiltalte hadde vinningshensikt, har lagmannsretten skildra og lagt til grunn som prova at dei tiltalte gjorde eit fullbyrda bedrageri. Etersom fullbyrdinga av bedrageriet skjedde allereie ved innbetalinga frå kjøparane si side, kjem det først i tid av dei aktuelle straffeboda.

#### **4.1.3. Kan pengar tatt i frå dei fornærma ved eit fullbyrda bedrageri, etterskotsvis verte underslått av same gjerningspersonar i høve dei same fornærma?**

Lagmannsretten legg til grunn at «*Det har ingen betydning om de tiltalte eller andre eventuelt har tilegnet seg de betrodde pengene ved et forutgående bedrageri*», og syner til Rt. 1979 s. 650. Samstundes legg retten til grunn at val av straffebod i tiltalevedtaket vil botne i påtalemakta sin vurdering av prova på vedtakstidspunktet. Som døme vert det vist til at det vert teken ut tiltale for tjuveri, fordi det ikkje er nok prov til å ta ut tiltale for ran. Lagmannsretten ser ikkje at det kan stille seg annleis når det vert teken ut tiltale for underslag, «*mens det muligens også foreligger bedrageri*».

Det er truleg sikker rett at dersom pengar som er skaffa ved ein straffbar handling, etterfylgjande vert underslått i ein annan samanheng, eller i høve mellom andre personar, kan den som underslår, straffast for underslaget. Ein kan til dømes tenkje seg at ei verksemd vinn midlar ved skattesvik, og at desse etterfylgjande vert underslått av ein tilsett i verksemda som ikkje har kjennskap til skattesviket. Den tilsette vil kunne domfellast for underslag, ettersom den fornærma i dette underslagshøvet vil vere verksemda.

Lagmannsretten kom til at pengane var «betrodd» i underslagslagsføresegnas forstand. Ved forskotsbetaling, som det openbart er i denne saka, avheng det på dei konkrete omstenda om pengane kan sjåast på som «betrodd». Når gjerningspersonane har nytta pengane til andre

---

<sup>95</sup> Sjå punkt 8.2 i dommen.

føremål enn til det som skal leverast, i strid med avtalen, ligg det føre underslag, jf. mellom anna Rt. 1953 s. 1121 og Rt. 1963 s. 1324. Det er likevel bedrageri viss gjerningspersonane fekk pengane vitande om at dei ville bruke dei opp utan å utføre oppdraget.<sup>96</sup> Lagmannsretten grunngeiv «betrodd»-vurderinga med den misvisande marknadsføringa, som og utgjer «forledelse» etter bedrageriføresegna.

Ein kan difor sjå på forholdet både som eit bedrageri, men og som eit underslag, avhengig av kva ein vel å leggje til grunn som skjeringspunkt; bedrageriet vert fullført ved innbetaling, medan underslaget vert fullført ved å «forføye» over pengane. For å kunne kalle handlinga bedrageri, må ein og kunne prove at føremålet låg føre ved mottak av pengane. Kva som skjer i etterkant av innbetalingane, og særleg lengda på tida mellom innbetaling og neste handling, vil kunne «prove» ei slik hensikt. Påtalemakta skriv i tiltalevedtaket at pengane vart overført «parallelt», «løpande» og «i etterkant» av innbetalingane til dei fornærma. Når tiltalen sett ramma for saka, er det, ved denne ordbruken, ikkje noko i vegen for at retten hadde kome til at forholdet skulle subsumerast som bedrageri i staden for.

Ein konsekvens av at påtalemakta tok ut tiltale for underslag, når siktingane i saka har vore prinsipielt på bedrageri, er at gjerningstidspunktet for den straffbare handlinga vert utsett frå då pengane vart innbetalt, til tidspunktet då midlane vart forbrukt av gjerningspersonen, noko som i tur vil kunne vesentleg forlenge foreldingsfristen av forholdet. At dei tiltalte eventuelt hadde vorte frifunnen grunna forelding, er heller ikkje eit uheldig resultat, men tvert i mot konsekvensen av straffelovas foreldingsreglar og omsyna bak desse.

Opportunitetsprinsippet i straffeprosessen inneberer kort fortalt at påtalemyndigheita er gitt eit visst skjøn om noko skal straffefølgast eller ikkje, jf. strpl. § 62a og § 69.<sup>97</sup> Ei side av dette, må og gjelde valet av kva for eit straffebod dei vel å ta ut tiltale på.<sup>98</sup> Det skal normalt mykje til før ein kan seie at ein påtaleavgjersle er rettsstridig på eit vis.<sup>99</sup>

Illustrerande er subsidiaritetsregelen i § 390 andre ledd, som syner til at straff for utruskap ikkje nyttast på forhold som fell under underslagsføresegna. Regelen gjeld ikkje etterforskinga, men tiltalen må vere bygd på dei prov som skaffast fram ved etterforskinga, jf. strpl. § 226. Då må det vere innanfor påtalemaktas skjøn å velje det straffebodet som passar

---

<sup>96</sup> Matningsdal, (2023) Lovkommentar til § 324, Juridika

<sup>97</sup> Øyen (2022) s. 220

<sup>98</sup> Slik og lagmannsretten legg til grunn når det gjeld vurdering av kva ein kan bevise.

<sup>99</sup> Øyen (2022) s. 222.

best på forholdet. Ein kan ikkje krevje vidare etterforskingsskritt for å avdekkje om strl. § 324 er broten, viss strl. § 390 er mogleg å nytte på forholdet.

At bedrageriet vert fullført først i tid mellom straffeboda kan heller ikkje få avgjerande betydning i handsaminga av ei sak, enn så lenge dei subjektive og objektive vilkåra i det «andre» straffebodet og er oppfylt. Straffebodet konsumerer det andre, all den tid det er tale om likearta brotsverk og at desse ligg nær kvarandre i tid.

Det kan vanskeleg påpeikast openberre feil ved rettsbruken til lagmannsretten. Saka ligg per tid til ankehandsaming hjå Høgsterett.

## 4.2 Straffeprosesslova § 38

For det tilfelle at påtalemakta har teke ut «feil» tiltale, til dømes ved tiltalevedtak for underslag for noko som er bedrageri, vert spørsmålet om retten kan omsubsumere tiltalen til «riktig» straffebod.

Av straffeprosesslova § 38 første ledd fylgjer det at retten ikkje kan gå «utenfor det forhold tiltalen gjelder». Føresegna er eit utslag av skuldingsprinsippet, og tiltalen set ramma for saka med bindande verknad.<sup>100</sup>

Av straffeprosesslova § 38 andre ledd fylgjer det at med omsyn til kva straffebod som skal nyttast er ikkje retten bunden av «*tiltalen eller de påstander som er fremsatt*». Det inneber at domstolen i utgangspunktet står fritt til å nytte eit anna straffebod enn det som står i tiltalevedtaket. Ein føresetnad er likevel at det «andre» straffebodet ikkje har ein vesentleg annan rettsleg karakter enn det som er nytta i tiltalen.

### 4.2.1 Generelt om rettens adgang til å omsubsumere

Det avgjerande for om ein subsumsjonsending kan skje, er om straffeboda har «vesentlig ulik rettslig karakter», jf. Rt. 2011 s. 172, der det skrivast i avsnitt 19 at:

*«For at retten skal kunne dømme etter en annen straffebestemmelse enn den som er angitt i tiltalen, må det også stilles krav om at bestemmelsen ikke har en vesentlig*

---

<sup>100</sup> Skuldingsprinsippet kjem klarast til uttrykk i strpl. § 63: «*Domstolene trer bare i virksomhet etter begjæring av en påtaleberettiget, og deres virksomhet opphører når begjæringen blir tatt tilbake*».

*annen rettslig karakter enn den bestemmelse som er angitt i tiltalen. Sentrale momenter ved denne vurderingen er om straffebudene tar sikte på å beskytte vesensforskjellige interesser, de grunnleggende trekk ved gjerningsbeskrivelsene og om det er stor forskjell på strafferammene, jf. blant annet Rt-2006-279.»<sup>101</sup>*

Dette er fylgd opp i mellom anna HR-2022-2297-A.<sup>102</sup> Den avgrensinga av retten sin subsumsjonsfridom som Høgsterett syner til, er kort fortalt at retten ikkje kan anvende eit anna straffebod, om endringa førar til at ein står ovanfor eit anna straffbart forhold.<sup>103</sup> Det kjem og tydeleg fram at det er tale om ein heilskapleg vurdering.

Interessemomentet inneber at retten ikkje kan velje å nytte eit anna straffebod som ikkje tek sikte på å verne same interesse som straffebodet i tiltalen.<sup>104</sup> Dette tydar at retten til dømes ikkje kan omsubsumere til eit straffebod som vernar om den einskilde sin seksuelle integritet, dersom straffebodet i tiltalen er meint å verne om eigedomsinteressar.<sup>105</sup> Det må og skiljast mellom ulike private interessar, som til dømes eigar og forsikringsselskap, jf. Rt. 1988 s. 627.

Til momentet «grunnleggende trekk ved gjerningsbeskrivelsen» er det særleg dei såkalla samansette brotsverka, som t.d. ran, som skapar problemstillingar. Det vert i desse tilfella forskjell på om ein legg til eit element eller om ein trekk frå eit element frå det tiltalen gjeld.<sup>106</sup> Elementa for kva strafflegginga avheng av vil vere av stor betydning for dei straffbare handlingane sin karakter. Om tiltalen gjeld ran, kan ein domfelle for kroppskrenking fordi valdselementet er omfatta i rans-straffebodet. Om retten vel å gå motsett veg, og domfell for ran i ein tiltale for tjuveri, legg retten til eit element som ikkje er omfatta i tiltalen, og beveg seg difor utanfor ramma av tillatinga til å omsubsumere etter strpl. § 38.<sup>107</sup>

---

<sup>101</sup> Spørsmålet i saka var om det kunne dømmast for kroppsskade eller kroppskrenking, når tiltalen gjaldt forsøk på valdtekt.

<sup>102</sup> Sjå avsnitt 27 og 28. Det var i saka tatt ut tiltale for kroppskrenking, truslar og omsynslaus åtferd. Lagmannsretten avsa dom etter strl. § 282 om mishandling i nære relasjonar. Høgsterett kom til at lagmannsretten hadde gått utanfor tiltalen.

<sup>103</sup> Øyen (2022) s. 415

<sup>104</sup> Dette fekk gjennomslag i Rt. 1980 s. 360

<sup>105</sup> Retten kan dermed ikkje omsubsumere ein tiltale om tjuveri (§ 321) til valdtekt.(§ 291).

<sup>106</sup> Keiserud mfl., (2023) Lovkommentar til § 38, Juridika

<sup>107</sup> Keiserud mfl., (2023) Lovkommentar til § 38, Juridika

Til momentet om strafferammene, er desse ofte rettleiande for om det er tale om forskjellige straffbare forhold. Ein forskjell mellom strafferammene er likevel ikkje nok, og retten må vurdere om kor vidt sjølve straffenivået er vesensforskjellig, jf. HR-2018-1784-A avsnitt 55.

#### 4.2.2 Høve til omsubsumering ved økonomiske brotsverk

For omsubsumering mellom underslag, bedrageri og utruskap, reiser ikkje spørsmålet om strafferamme seg, ettersom desse har alle lik strafferamme med fengsel inntil to år.

I HR-2017-473-U la ankeutvalet til grunn at utruskap og underslag var same forhold, slik at subsumsjonen kunne endrast.<sup>108</sup> Ankeutvalet skriv at det er dei same faktiske forhold som er sentrale ved vurderinga etter begge føresegna og at det er dei same interessene som vernast, jf. avsnitt 18 i avgjerda.<sup>109</sup> Det vil i realiteten berre vere ein annan rettsleg vurdering av det same faktumet. I Rt. 1991 s. 40 gjorde Høgsterett denne endringa utan å drøfte forholdet noko særleg, jf. side 41 i dommen. Kvart tilhøve må likevel vurderast konkret, ettersom utruskapsføresegna har eit krav om at gjerningspersonen «styrer eller har tilsyn» med noko for oppdragsgjevaren. Omvendt, må det vurderast om vilkåra i underslagsføresegna er oppfylt.

Lovføresegna som skil seg ut spesielt er bedrageriføresegna, som stiller krav om villfaring og forledelse av offeret. For tilfelle ved bedrageri må det difor leggjast til grunn at fokuset i både faktum og gjerningsskildringa flyttast såpass vesentleg tidsmessig i det faktiske hendingsløpet til eit tidlegare eller seinare tidspunkt, at det medfører at ein normalt står ovanfor eit nytt straffbart forhold.<sup>110</sup> Det gjeld og ved andre økonomiske brotsverk, dersom ein til dømes vil omsubsumere til heleri. Då vil tidspunktet flytte seg frå overføringa til mottakinga av pengane. I Rt. 1983 s. 880 var tiltalen grovt bedrageri, som ikkje vart funne prova, men byretten hadde dømt for grov utruskap. Førstvoterande synte til at det «*gjelder her etterfølgende uberettigede disposisjoner over innsamlede midler tilhørende fondet, og dette er et annet forhold enn de bedragerier overfor giverne som tiltalen gjaldt*».<sup>111</sup> Dette vart fylgd opp i Rt. 2005 s. 1218, kvar Høgsterett meinte dei etterfylgjande tilhøva var avgjerande for

---

<sup>108</sup> I denne saka gjaldt det å omsubsumere frå grovt utruskap til grovt underslag.

<sup>109</sup> Ankeutvalet konkluderte difor med at «*Endringen av subsumpsjonen medfører her ikke at det straffbare forholdet endrer identitet*», jf. avsnitt 18.

<sup>110</sup> Sjå til dømes Rt. 1970 s. 650 der Høgsterett skriv at «*Straffelovens § 270 anvendes ikke ved siden av straffelovens § 255*», jf. s. 651.

<sup>111</sup> Sjå dommens s. 881.

tingrettens domfelling, og at tingretten på dette vis hadde gått utanfor det forhold tiltalen på bedrageri var, når dei domfelte for utruskap.

I Rt. 2012 s. 243 samanliknar Høgsterett korrupsjon og utruskap og syner til skilnadane mellom interessene som er verna av desse straffeboda. Oppsummeringsvis skriv Høgsterett at korrupsjonsføresegna tek sikte på å «*beskytte vesentlige bredere samfunnsinteresser enn tilfellet er for utroskapsbestemmelsene*». I eit obiter dictum i avsnitt 27 skriv Høgsterett at «*mye kan tale for at de vesensforskjeller også førstvoterende her trekker frem må være avgjørende for om man har å gjøre med ett eller flere straffbare forhold etter straffeprosessloven § 38*».<sup>112</sup> Til samanlikning skrivast det i Rt. 2001 s. 227 at korrupsjon samanlikna med underslag «*har en helt annen karakter*». Korrupsjon skil seg truleg såpass frå dei alminnelege formuesbrottsverka, at ein omsubsumering vil føre til at det er tale om eit anna straffbart forhold.<sup>113</sup>

Eit anna døme er å finne i RG 2004 s. 279 (Borgarting). Saka handla om uttak av kontantar frå postkontor ved hjelp av falske, stelte eller endra kredittkort og falske identitetsprov. Tiltalen gjaldt grovt tjuveri, men tingretten fann at dei tiltalte burde dømmast for underslag eller medverknad til dette. Dette fann likevel tingretten at strpl. § 38 stengde for. Lagmannsretten kom derimot til at forholdet skulle vore rekna som databedrageri. Dei tiltalte var subsidiært tiltalt for «alminneleg» bedrageri, og lagmannsretten meinte at å nytte alternativet om databedrageri, ikkje ville medføre at det straffbare forholdet endra identitet, jf. strpl. § 38. Lagmannsretten viste til at den verna interessa var den same, og at sjølv om gjerningsskildringa var noko avvikande, var dette ei mindre justering av skildringa av ein og same transaksjon. I Rt. 1983 s. 1517 vart ei kvinne frifunnen for bedrageri, når ho hadde nytta sjekkar det ikkje var dekning for. Høgsterett fann likevel at kvinna kunne straffast for brot på sjekklova § 66, ettersom dette ikkje var eit anna straffbart forhold enn det som fylgde av tiltalen.<sup>114</sup> I LB-2014-18113 var utruskaphandlingane i tiltalen skildra som at dei tiltalte «besørget ... utbetalinger». For lagmannsretten vart difor spørsmålet i kva utstrekning tiltalen kunne ramme andre handlingar enn å syte for utbetalningar, av dette særleg rekneskapsmessige

---

<sup>112</sup> Førstvoterande som Høgsterett syner til i sitatet er eit utdrag frå Rt. 2008 s. 1473 avsnitt 34.

<sup>113</sup> Sjølv om førearbeida det blir vist til i Høgsterettsdommane ikkje er førearbeida til no gjeldande straffebod, er det vist til desse førearbeidsuttalingane i Ot.prp.nr 22 (2008-2009) kap. 16.11. Det tilseier at desse framleis har relevans og betyding.

<sup>114</sup> Høgsterett syner i dommen til at straff etter sjekklova berre kunne skje dersom «*ikke strengere straff kommer til anvendelse*», og at det fylgde av førearbeida at det var straff etter bedrageriføresegna som lovgivar «*har hatt for øye*».



disposisjonar. Lagmannsretten kom til at dei rekneskapsmessige disposisjonane var av ein anna karakter enn dei som var skissert i tiltalen, og at dei til dels var utført lang tid etter utbetalingane.<sup>115</sup>

---

<sup>115</sup> Lagmannsretten konkluderar difor med at «*Handlingene må i straffeprosessuell forstand anses som et annet faktum enn beskrevet i tiltalebeslutningen*».

## 5 Oppsummering og avsluttande merknadar

Føremålet med masteroppgåva har vore å synleggjere grensene og dei nære samanhengane mellom bedrageri, underslag og utruskap. Analysen syner at det avgjerande for ein treffande subsumsjon og val av riktig straffebod, er kjennskap til kva som kjenneteiknar handlingane som omfattast av dei aktuelle føresegnene. Heilt sentralt står rettsbrukaren si vurdering av hendingsforløpet og kva som skjedde kring dei avgjerande handlingane, sett i lys av gjerningsskildringa i straffebodet.

Rettsbrukaren, særskild domstolane, må vere seg medvitne på kva som faktisk vert prova i handsaminga av saka, sett i lys av tiltalen. Som analysen har synt, er det små faktiske endringar som skal til, før forholdet omfattast av eit anna straffebod. Samstundes er det naudsynt å kritisk etterprøve vilkåra i det aktuelle straffebodet. Ei grundig etterforsking av politiet, og ei grundig vurdering av påtalemakta ved påtaleavgjersla, vil og førebyggje at retten kjem i ein posisjon der den må omsubsumere etter strpl. § 38.

For å sikre rettstryggleiken for innbyggjarane er det viktig at ein vert tiltalt og dømd for dei handlingane ein har hatt forsett om. Omsynet til eit materielt riktig resultat er heilt sentralt for å ta i vare uskuldspresumsjonen og for å sikre tillit til rettsapparatet. At dei ulike økonomiske brotsverka har same strafferamme, er ikkje einstyddande med at dei har same straffenivå.

Som det mellom anna har vore synt til under punkt 3.3.1 ligg det føre ein usikker rettstilstand knytt til fullbyrdingstidspunktet for bedrageri. I og med at lovføresegna berre krev «fare for tap» er rommet for når ein kan seie lovbrotet er fullbyrda, nokså vidt. Offeret må likevel «gjøre ... noe» som manifesterer faren for tap, og det kan tenkjast fleire situasjonar kvar dette kjem på spissen. LB-2021-181826 reiser og interessante problemstillingar knytt til manglande klårleik og førehandsvisse. Dei tiltalte har, tinga av når ein vel å fastsetje skjeringstidspunktet, gjort seg skuldig for både bedrageri og underslag. Forsvaret må, som ein grunnleggjande rettstryggleiksgaranti, ha høve til å vere budd på kva som vil verte handsama i retten. Straffeboda nyttast ikkje i konkurrans, ettersom dei ligg så vidt tett opp til kvarandre. Ei løysning på eit slikt tilfelle kan vere å nytte forholdet som eit straffeskjerpande moment i staden for å nytte dei i konkurrans.

# Kjeldeliste

## Norske lovar

|                                 |   |
|---------------------------------|---|
| Grunnlova                       | Lov 17. mai 1814 om Kongeriket Noregs Grunnlov                    |
| Almindelig borgerlig Straffelov | Lov 22. mai 1902 nr. 10 om Almindelig borgerlig Straffelov        |
| Straffelova                     | Lov 20. mai 2005 nr. 28 om lov om straff                          |
| Straffeprosesslova              | Lov 22. mai 1981 nr. 25 om lov om rettargangsmåten i straffesakar |

## Lovførearbeid

|                            |   |
|----------------------------|---|
| S.K.M 1896                 | Udkast til almindelig borgerlig Straffelov med Motiver. Utarbeidet av Straffelovkommissjonen fra 1885 (Kristiania 1896). Førearbeid til straffeloven av 1902. |
| Ot.prp. nr. 75 (1948)      | Om lov om endring i den alminnelige borgerlige straffelov av 22. mai 1902   |
| NOU 1985:31                | Datakriminalitet  |
| NOU 2002:4                 | Ny straffelov Straffelovkommissjonens delutredning VII  |
| Ot.prp. nr. 78 (2002-2003) | Om lov om endringer i straffeloven mv. (straffebud mot korrupsjon)  |
| Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) | Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning)                  |

## Rettsavgjersler

### Høgsterett

|                  |                  |                       |
|------------------|------------------|-----------------------|
| Rt. 1937 s. 664  | Rt. 1990 s. 55   | Rt. 2007 s. 583       |
| Rt. 1938 s. 267  | Rt. 1990 s. 991  | Rt. 2008 s. 1582      |
| Rt. 1939 s. 196  | Rt. 1991 s. 40   | Rt. 2009 s. 231       |
| Rt. 1946 s. 183  | Rt. 1992 s. 1258 | Rt. 2009 s. 524       |
| Rt. 1952 s. 226  | Rt. 1992 s. 1451 | Rt. 2011 s. 172       |
| Rt. 1953 s. 833  | Rt. 1992 s. 1463 | Rt. 2012 s. 243       |
| Rt. 1953 s. 1121 | Rt. 1993 s. 244  | Rt. 2012 s. 622       |
| Rt. 1963 s. 1324 | Rt. 1993 s. 727  | Rt. 2012 s. 686       |
| Rt. 1968 s. 626  | Rt. 1994 s. 1555 | Rt. 2013 s. 1254      |
| Rt. 1973 s. 1251 | Rt. 1995 s. 241  | Rt. 2014 s. 538       |
| Rt. 1976 s. 944  | Rt. 1997 s. 1760 | HR-2016-1458-A (Haxi) |
| Rt. 1979 s. 650  | Rt. 1999 s. 36   | HR-2017-473-U         |
| Rt. 1983 s. 880  | Rt. 2000 s. 1855 | HR-2018-1784-A        |
| Rt. 1984 s. 904  | Rt. 2001 s. 227  | HR-2019-676-A         |
| Rt. 1984 s. 1281 | Rt. 2003 s. 1234 | HR-2022-2297-A        |
| Rt. 1986 s. 1076 | Rt. 2003 s. 1376 |                       |
| Rt. 1988 s. 627  | Rt. 2006 s. 853  |                       |

### **Lagmannsrett**

|                              |                              |
|------------------------------|------------------------------|
| RG 1996 s. 1152 (Frostating) | LG-2005-63090                |
| LE-2002-690                  | RG 2012 s. 1722 (Borgarting) |
| RG 2004 s. 279 (Borgarting)  | LB-2014-18113                |

LG-2014-24825

LG-2022-13455

LB-2017-108216-2

LG-2022-150254

LB-2021-181826

### **Tingrett**

TOSLO-2002-761

TAUAG-2017-46243

TOSLO-2006-11899

TOSLO-2020-130582

TOSLO-2015-4031

TOSL-2021-102638

### **Juridisk litteratur**

Andenæs (1996)

Andenæs, Johs. (1996) *Formuesforbrytelsene* (6. utg).  
Universitetsforlaget

Andenæs & Andorsen (2008)

Andenes, Johs. & Andorsen, Kjell. (2008) *Spesiell strafferett og formuesforbrytelsene* (1. utg.).  
Universitetsforlaget

Husabø (2022)

Husabø, Erling, *Straffeloven Karnov Lovkommentar til § 325*. (digital versjon på lovdata.no), ajourført 13. mai 2022.

Keiserud mfl. (2023)

Keiserud, E, Sæther, K.E., Holmboe, M., Jahre, H-P., Matningsdal, M. & Smørdal, JG. *Straffeprosessloven. Lovkommentar, Straffeprosessloven*. Ajourført 1. januar 2023. Juridika.no.

Jacobsen et al. (2020)

Jacobsen, J., Husabø, E.J., Grønning, L. & Strandbakken, A. (2020) *Forbrytelser i utvalg: Straffelovens regler om voldsforbrytelser, seksualforbrytelser,*

*formuesforbrytelser og narkotikaforbrytelser.* (1. utg).  
Fagbokforlaget

Matningsdal (2010) Matningsdal, Magnus (2010) *Norsk spesiell strafferett*  
(1. utg). Fagbokforlaget

Matningsdal (2023, Rettsdata) Matningsdal, Magnus, *Norsk Lovkommentar:  
Straffeloven (2005)*, Hovudrevidert 1. juli 2023.  
Rettsdata.no

Matningsdal (2023, Juridika) Matningsdal, Magnus. *Straffeloven 2005.  
Lovkommentar.* Ajourført 1. juli 2023. Juridika.no

Stordrange (2014) Stordrange, Bjørn (2014) *Forbrytelser mot vårt  
økonomiske system.* (3. utg.) Fagbokforlaget

Øyen (2022) Øyen, Ørnulf (2022) *Straffeprosess.* (3. utg)  
Fagbokforlaget

## **Nettsider**

Økokrim.no Økokrim (2023, 08.02.) *Rekordhøyt antall anmeldelser  
på bedrageri*, [https://www.okokrim.no/rekordhoeyt-  
antall-anmeldelser-paa-bedrageri.6584386-549344.html](https://www.okokrim.no/rekordhoeyt-antall-anmeldelser-paa-bedrageri.6584386-549344.html)  
[Lasta ned 16.08.2023]